

# ÅRSMELDING 2007





# Visjon Kunnskap og opplevingar for alle

## VERDIGRUNNLAG

ABM-utvikling byggjer verksemda på ytringsfridom, mangfald, dialog og toleranse.

## HOVUDMÅL

ABM-utvikling arbeider for å styrkje arkiv, bibliotek og museum som aktuelle samfunnsinstitusjonar.



Tromsø bibliotek og byarkiv. Foto: Siv Dolmen

# Innhold

Visjon og mål. . . . .	s. 2
ABM-utvikling i 2007 . . . . .	s. 4
ABM-utvikling i tal. . . . .	s. 6
Læring, kunnskaps- og kulturformidling . . . . .	s. 8
Utvikling av digitalt innhold og digitale tenester. . . . .	s. 22
Utvikling og sikring av samlinger, og tilgang til dei . . . . .	s. 30
Samhandling og nytenking innanfor organisasjons- og nettverksbygging . . . . .	s. 36
Organisering, administrasjon og leiding . . . . .	s. 44
Kurs og konferansar . . . . .	s. 48
Publikasjonar . . . . .	s. 50
Tildeling av prosjektmidler . . . . .	s. 53

## PRIORITERTE ARBEIDSRÅDE FOR 2007-2010

ABM-utvikling skal fremje

- Læring, kunnskaps- og kulturformidling
- Utvikling av digitalt innhold og tenester
- Utvikling og sikring av samlinger
- Nytenking og samhandling innanfor organisasjons- og nettverksbygging



ABM-UTVIKLING  
POSTBOKS 8145 DEP  
N-0033 OSLO  
TELEFON: 23 11 75 00  
TELEFAKS: 23 11 75 01  
POST@ABM-UTVIKLING.NO  
WWW.ABM-UTVIKLING.NO  
DESIGN: WWW.MELKEVEIEN.NO  
TRYKK: O7 GRUPPEN AS  
ISBN 978-82-8105-062-4  
ABM-UTVIKLING 2008

FOTO PÅ FRAMSIDA:  
TROMSØ BIBLIOTEK OG BYARKIV,  
SIV DOLMEN.





# ABM-utvikling i 2007

ABM-utvikling er statens rådgjevande og utøvande fagorgan for arkiv, bibliotek og museum. ABM-utvikling bygger verksemda på yringsfridom, mangfald, dialog og toleranse, og visjonen for arbeidet vårt er: Kunnskap og opplevingar til alle!

I innstillinga frå Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen til framlegget for statsbudsjettet for 2008 seier komiteen mellom anna:

«Komiteen registrerer med tilfredshet at Statens senter for arkiv, bibliotek og museum har markert seg som et viktig redskap i arbeidet med å virkeliggjøre ABM-reformen i Norge.

Komiteen viser i sine tidlige merknader i forbindelse med behandlingen av Kulturmeldingen, hvor det ble pekt på nødvendigheten av at det stilles ressurser til rådighet for at ABM-utvikling kan drive både strategisk utredningsarbeid og praktisk utviklingsarbeid parallelt.

Komiteen vil påpeke at ABM-utviklings arbeid er å styrke kompetanse og gjennomføre ulike samarbeidstiltak innenfor sikring og bevaring. Ny bruk av digitale verktøy i bevaring er svært viktig. Aktivt, strategisk utviklingsarbeid for å samordne, effektivisere og styrke arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet,

er også svært viktig for å bevare kulturarven for ettertiden. Dette henspeiler ikke minst på tiltak for å fremme læring og formidling innen arkiv, bibliotek og museum, utprøving av lokalt og regionalt samarbeid mellom arkiv, bibliotek og museum, utvikling av nettbasert tilgang til kunst og kultur, digitale bibliotekstjenester og utvikling av det sømløse bibliotek mv.»

Dette er viktige signal for verksemda i ABM-utvikling i tida framover!

For ABM-utvikling er det ei krevjande utfordring både å ta hand om dei forvaltningsmessige oppgåvene vi er pålagde og samstundes realisere dei forventningar og muligheter som Abm-meldinga har skapt om prosjektbasert utviklingsarbeid.

Etter vedtektene har ABM-utvikling til hovudoppgåve å drive aktivt, strategisk utviklingsarbeid for å samordne, effektivisere og styrke arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. ABM-utvikling skal sette institusjonane og sektorane betre i stand til å løse faglege oppgåver og til å møte nye utfordringar i samfunnet, og vi skal arbeide med heile spekteret av funksjoner innafor arkiv, bibliotek og museum.

ABM-utvikling skal fremje samarbeid mellom



dei tre sektorane der dette er formålstenleg, men skal og legge vekt på den faglege eigenarten og dei funksjonane som kvar av sektorane og dei spesifikke samlingane deira representerer. ABM-utvikling skal arbeide på tvers av departementale og andre administrative grenseliner.

ABM-utvikling arbeider for å styrke arkiv, bibliotek og museum som aktuelle samfunnsinstitusjonar. Vi driv eit strategisk utviklingsarbeid etter det samfunnsoppdraget abm-sektoren er gitt gjennom stortingsmeldingar og andre styringsdokument og gjennom dei kulturelle og samfunnsmessige verdiar arkiv, bibliotek og muse representerer gjennom si verksemda.

I måldokumentet for ABM-utvikling er desse utviklingsområda prioriterte for perioden 2007-2010:

- utvikling av digitalt innhald og tenester
- fremjing av læring og formidling
- utvikling og sikring av samlingar
- nytenking og samhandling innanfor organisasjons- og nettverksbygging

Med utgangspunkt i ei evaluering av ABM-utviklings organisering, utført av Statskonsult, er det i 2007 gjennomført ein prosess i tett dialog med dei tilsette om utvikling av ein ny organisasjonsplan. Utviklingsavdelinga er delt i tre avdelingar: Avdeling for arkivutvikling, avdeling for bibliotekutvikling og avdeling for museumsutvikling. Infor-

masjonsavdelinga er delt i to: Avdeling for digitalt ABM og ei mindre informasjonsavdeling. I den nye organisasjonsplanen skal det framleis leggjast særleg til rette for å kunne løyse tverrsektorielle utfordringar og bruk av kompetanse på tvers av avdelingsgrenser!

Arkiv, bibliotek og museum står midt oppe i store og krevjande oppgåver med å tilpasse verksemda etter dei muligheter og utfordringar som eit moderne kunnskapssamfunn krev, særlig i å nytte ut dei muligheter som finst til å gjere innhald og tenester digitalt tilgjengeleg for breiare brukergroper. Brukarane etterspør digitale tenester, og abm-institusjonane må tilpasse seg ein digital kvardag. Dei digitale utfordringane vert meir og meir felles for abm-institusjonane, og behov for ein ny type abm-kompetanse er tydeleg. ABM-utvikling er etablert med dette som ei av hovudutfordringane, og det har gitt institusjonen ei unik mulighet til å utvikle slik kompetanse.

LISBETH TANGEN  
*styreleiar i 2007*

JON BIRGER ØSTBY  
*direktør i 2007*

# ABM-utvikling i tal

I 2007 hadde ABM-utvikling eit budsjett til drift, prosjekt- og utviklingstiltak på 90,3 millionar kroner. I tillegg forvalta ABM-utvikling faste tilskotsordningar på til saman 65 millionar, spelemidlar for 1 million og 37,1 millionar i samband med oppdragsverksemd (Nordbok-sekretariatet og konsortieavtalar)

## BUDSJETT TIL DRIFT, PROSJEKT- OG UTVIKLINGSTILTAK:

(Alle tal i millionar kroner)

Prosjekttiltak	38,6
Løn	30,8
Lokal	7,8
Reiser og konferansar	3,9
Konsulenttenester	1,4
Trykkjekostnader	1,3
IT-utstyr, inventar	0,9
Sekretariat for Den kulturelle skulesekken	0,9
Porto	0,7
Kunngjeringar	0,6
Telefon	0,2
Andre kostnader	3,1
<hr/>	
Faste tilskotsordningar	65,0
<hr/>	
Spelemidlar seglskutene	1,0

## OPPDRAGSVERKSEMD: (Alle tal i millionar kroner)

Nordbok-sekretariatet	2,9
Konsortieavtalar	34,3
<hr/>	
Sum	193,4


## PROSJEKTMIDLAR FOR 2007 (Alle tal i millionar kroner)

Prosjekt for heile abm-sektoren	8,5
Prosjekt for arkivsektoren	3,8
Prosjekt for arkiv- og museumssektoren	0,5
Prosjekt for biblioteksektoren	12,1
Prosjekt for museumssektoren	10,6
Prosjekt Kulturnett.no	3,1

## TILSETTE I ABM-UTVIKLING

Ved utgangen av 2007 hadde ABM-utvikling 69 tilsette. Av desse var 62 fast tilsette, 7 mellombels tilsette i vikariat eller knytta til prosjektarbeid.

## Fordeling av prosjektmidler



## Fordeling av kostnader



# Læring, kunnskaps- og kulturformidling

**Mål** Arkiv, bibliotek og museum skal bidra til læring for menneske og formidle kunnskap og kultur.

## Hot Spot

ABM Hot Spot er ei satsing for å setje fokus på aktuelle samtidsspørsmål i arkiv, bibliotek og museum. Ein Hot Spot kan ta opp brennheite tema, gi stemmelause ei stemme, utdjupe og setje på spissen. I Hot Spot blir budskap og vinkling spissa, og målet er å skape engasjement og debatt.

Deltakarar i prosjektet i 2007 har vore Kystmuseet i Nord-Trøndelag – NORVEG, Maihaugen, Norsk Folkemuseum, Norsk Teknisk Museum, Oslo Museum, Tromsø bibliotek og byarkiv og ABM-utvikling.

Prosjektet har hatt to fellessamlingar i 2007, begge i Oslo. Det har blitt gjennomført seks Hot Spotar i 2007:

Kystmuseet i Nord-Trøndelag– NORVEG:

Russisk rulett?

Maihaugen: Kriminell kunst?

Norsk Folkemuseum: Ein etisk merknad

Norsk Teknisk Museum: Cyberstorken

Oslo Museum: Asylmottak

Tromsø bibliotek og byarkiv: Døde penner

## Arkiv og skule

ABM-utvikling avslutta i 2007 sitt andre prosjekt i satsinga arkiv og skule.

Målsetjinga for prosjektet har vore å stimulere arkiva til auka satsing på formidling og å synleggjere at arkiva kan vere viktige bidragsytarar til skulen innanfor fleire fag.

Fem arkivinstitusjonar har delteke i prosjektet Arkiv og skule 2. Fire arkiv gjennomførte sine prosjekt i løpet av 2007. Eit prosjekt blir gjennomført i 2008.

Gjennom satsinga har vi fått fram gode eksempel som kan brukast i det vidare arbeidet med å fremje formidling av arkivmateriale og for å finne gode strategiar for eit fruktbart samarbeid mellom arkiv og skule.

I arkiv- og skuleprosjekta har vi søkt å auke kompetansen innanfor formidling og auke arkiva sin kjennskap til behova i skulen. Prosjekta har gitt ei rekke erfaringar i forhold til formidling av arkivmateriale til ulike klassetrinn, vist utfordringar både i forhold til samarbeid med skulen og praktisk tilrettelegging av arkivmateriale og synleggjort kompetansebehov i arkiva.





Delprosjekta har vore retta mot ulike klasstrinn og lagde opp i forhold til læreplanen i skulen. Eit viktig utgangspunkt for alle delprosjekta har vore å gi elevar kjennskap til kva eit arkiv er, og korleis arkiv kan brukast og eit innblikk i korleis historie blir skriven. I samsvar med læreplanen i skulen skal alle elevar bli kjende og fortrulege med kjelder av ulik art og med kjeldekritikk. Elevane som har delteke i prosjekta, har fått ei innføring i å bruke kjelder, til å resonnerer rundt arkivdokument og til å vurdere ulike typar informasjon. Arkivinstitusjonane har blitt utfordra til å ta i bruk nye verkemiddel for å formidle arkivmateriale, synleggjere eiga verksemd og til å senke terskelen inn til arkivet.

### Lokalarkiv i bibliotek

Målet med prosjektet er å prøve ut ulike modellar for distribusjon og formidling av lokalt arkivmateriale frå interkommunale arkivorganisasjonar (IKA) gjennom folkebiblioteka i dei kommunane der materialet opphavleg er skapt.

Eit overordna mål er å auke medvitet om arkivet som institusjon ved å leggje til rette arkivmateriale som er særleg relevant for innbyggjarane i lokalsamfunnet. Ei hovudutfordring er å imøtekomme den interessa innbyggjarane har for arkivdokumentasjon. Formidling og aktualisering av materialet er nødvendige satsingar.

Ein hovudmodell for arbeidsdeling er at bibliotekaren er bindeleddet mellom publikum og arkivet når det gjeld å fange opp lokale behov og ønske, og hjelpe til ved bestilling av materialet. Vidare blir det viktig å samarbeide om sjølve formidlinga av mate-

rialet, det vere seg i form av utstillingar, omtala på internett, undervisningsopplegg med meir.

Prosjektet krev ei tydeleg marknadsføring for å nå ut med eit nyetablert tilbod om tilgang til arkivmateriale på dei lokale folkebiblioteka. Som eit bidrag til den lokale marknadsføringa har ABM-utvikling utvikla nokre felles malar for marknadsføringsmateriale.

Biblioteket held, på vegne av brukaren, kontakten med IKA om kva slags materiale som skal bestillast. Bestillinga skjer elektronisk.

Prosjektet har prøvt ut tre ulike løysingar for distribusjon.

- Aktuelt materiale blir skanna og distribuert digitalt
- Originalt arkivmateriale kjem til brukaren gjennom folkebiblioteket
- Brukaren blir etter kontakt og rettleiing vist til bruk av materialet på IKAs lesesal

Ein modell har vore at IKA (IKAVA) har reist rundt med «arkivbuss» og har vore tilgjengeleg for rettleiing dei dagane dei køyrer ut materialet. Ein annan modell har vore å bruke biblioteka si felles transportordning. Det vil vere viktig å sjå distribusjonsløysingane i samanheng med rettleiingsfunksjonen i biblioteket, slik at tenesta fungerer som ein heilskap.

### Eplebiblioteket

ABM-utvikling tok i 2007 initiativ til å opprette eit norsk eplebibliotek, etter inspirasjon frå Äppelbiblioteket i Härnösand i Sverige. Eplebiblioteket skal vere eit modellbibliotek som tilbyr gode tenester



Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek. Foto: Siv Dolmen

til barn med funksjonshemmingar, der andre kan hente lærdom og inspirasjon. Det kom inn ni søknader då prosjektet blei lyst ut i april 2007. Valet fall på Tromsø bibliotek og byarkiv, som leverte ein søknad med politisk og administrativ motivasjon for å etablere eit eplebibliotek. I Tromsø blei det i bibliotekplanen for 2006 vedteke eit satsingsområde for å betre tenestene til barn med ulike funksjonshemmingar, der dette passa godt inn.

I Tromsø bibliotek og byarkiv er prosjektet inne i ei god utvikling. Prosjektet starta 1. oktober 2007, og det blei tilsett leiar og etablert prosjektgruppe. I prosjektplanen låg det inne at det kunne søkjast om midlar til vidareføring av prosjektet i 2008 og 2009, og prosjektet har fått innvilga pengar til vidare utvikling i 2008.

## **BOKTRAS**

Dårleg tid og hektiske kvardagar skal ikkje lenger stå i vegen for småbarnsforeldre som vil låne bøker frå biblioteket. I BOKTRAS har folkebibliotek oppretta bibliotek i barnehagar der familiane får låne bøkene med heim. Bibliotekarane presenterer bøker for barna, for dei tilsette i barnehagen og arrangerer foreldremøte med lesing som tema. I barnehagane blir det brukt bøker aktivt og regelmessig. Dei vaksne les høgt for barna, og barna les på eiga hand og saman med andre barn. I tillegg blir litteratur kopla til ulike aktivitetar i barnehagekvardagen. Formålet er å gi barna leselyst og betre språk gjennom leseaktivitetar. Prosjektet er eit samarbeid mellom ABM-utvikling, Nasjonalt senter for leseopplæring og folkebibliotek og barnehagar i Dram-

men, Klæbu og Sortland. I 2007 arrangerte prosjektdeltakarane kurs rundt i Noreg for å vise korleis barnehage og bibliotek kan samarbeide for å skape leselyst.

## **Fengselsbibliotek**

I dei seinare åra har det vore ei monaleg auke i statlege driftstilskot til fengselsbibliotek. 21 fengselsbibliotek motek no midlar gjennom denne ordninga, og heile 6 av desse kom i drift i 2007. I tillegg vart det starta eit prøveprosjekt ved Hustad fengsel med prosjekttilskot frå ABM-utvikling.

ABM-utvikling har som mål å gi alle innsette i norske fengsel eit tilbod om bibliotektenester. Statistikken syner at fengselsbiblioteka blir mykje brukte. Innsette låner 15 gonger fleire bøker, og andre medium, enn befolkninga utanfor fengsla.

ABM-utvikling har utarbeidd ein plan for 2007–2009: *Bibliotektenester i fengsel* for å sikre at alle innsette ved norske fengsel har eit tilbod om bibliotektenester. Planen syner kva slags behov som finst for bibliotektenester, og kva det vil koste å gi eit tilbod til alle innsette. Planen skal reviderast annakvart år.

## **Idrett og lesing**

Prosjektet blir drive av Foreningen les! og har som mål å få lesing til å bli ein naturleg del av idretten. Satsinga mot idrettsungdom i alderen 13–19 år står sentralt. Litteraturformidlinga skjer på idrettsungdommen sin heimebane i form av forfattarbesøk, besøk av toppidrettsutøvarar og ikkje minst garderobebibliotekarar. Denne måten å drive opp-

søkjande bibliotekverksemd på har møtt stor interesse, også utanfor landets grenser, og prosjektet vil bli presentert på årets IFLA-konferanse i Canada. Idrett og lesing er støtta av ABM-utvikling og Norsk kulturråd.

### **Bibliotek for transportarbeidarar**

Lite ønskeleg arbeidstid og vanskar med å parkere i tilknytning til bibliotek gjer det ordinære bibliotektilbodet lite tilgjengeleg for trailersjåførar. I 2007 opna det første vegbiblioteket for transportarbeidarar på Høydalsmo Vegkro i Vest-Telemark. Her får trailersjåførane tilbod om trimrom, sunn mat og kvilerom. Trailersjåførane ønskte i tillegg eit bibliotektilbod, og Tokke bibliotek har oppretta eit bibliotek med utlån av bøker og lyd bøker, tidskrift og tilgang til Internett. Spesielt lydbøkene har vist seg populære då desse bøkene er fine å bruke under køyring. Etableringa av biblioteket skjer i nært samarbeid med Norsk Transportarbeidarforbund.

### **Jakta på ikkje-brukaren**

Stavanger bibliotek ønskjer gjennom Jakta på ikkje-brukeren å få ikkje-brukarane til å bruke biblioteket. Dei har kartlagt årsaker til kvifor mange av innbyggjarane i kommunen ikkje bruker biblioteket. På bakgrunn av funna har dei planlagt ulike formidlings- og marknadsføringstiltak. Mange tiltak er sette i gang, medan andre vil starte seinare i prosjektet. Biblioteket ønskjer å vere der brukarane er og har mange tiltak for å møte menneske utanfor biblioteklokala. Stavanger bibliotek

tilbyr arbeidsplassbibliotek, dei sender bøker til utanlandsstasjonerte i Statoil, dei samarbeider med kunstmuseet og har eit mobilt opplevingsrom som kan flyttast rundt om i kommunen etter behov. I prosjektet ønskjer dei å sjå korleis lånekortet kan brukast som fordelskort, og dei skal senke gebyrsatsane for å redusere utgifter knytte til for sein levering av bøker og å få biblioteksmateriale raskare i omløp.

### **Brudd**

Prosjektet dreier seg om dei vanskelege og marginaliserte historiene og om problemorientert eller kritisk formidling. Utfordringa er å gjere musea meir aktuelle og relevante, aktive og kritiske. I prosjektet møtest ei handfull museum og ABM-utvikling for å diskutere idear, prosessar og formidlings-tiltak. Sentrale spørsmål i denne samanhengen er: Kva for type historier blir fortalt i musea? Kva for nokre blir uteletne – og kvifor? Kva verdiar ligg til grunn for vala musea gjer?

#### **NOKRE REALISERTE BRUDD-PROSJEKT:**

Telemark museum opna *Quislingutstillinga* i mai 2007. Dette Brudd-prosjektet vekte mykje debatt i media, spesielt før det opna. Sjølve ideen om å presentere Quisling på museet, blei av mange oppfatta som for kontroversielt og noko eit museum absolutt ikkje skulle gjere. *Quislingutstillinga* har vore ein publikumssuksess.

Bergen Bymuseum / Lepramuseet viste foto-utstillinga *Miss Landmine* av Morten Traavik i 2007, eit norsk-angolansk kunstprosjekt i grense-

landet mellom politikk og humanitært arbeid. Prosjektet set søkjelyset på det globale landmineproblemet og utfordrar våre førestellingar om kva som er vakkert og om stigmatisering. *Miss Landmine* fekk stor pressedekning – frå avsky til begeistring.

Museum vest / Nordsjøfartsmuseet arbeider med ulike variantar av temaet krigens offer. Det første Brudd-prosjektet her handla om ein neddyssa/ukjend del av historia om Telavågtragedien. I 2007 laga museet utstillinga *Medaljens bakside*, om erfaringar og krigsopplevingar hos FN-soldatar.

På tampen av 2006 opna Nasjonalt medisinsk museum den nye faste utstillinga *God bedring – mennesker, teknologi og viten på sykehus*. Delar av utstillinga har vore diskutert i Brudd.

Kulturhistorisk museum, UiO, arbeider med fleire mindre Brudd-prosjekt under fellestittelen *Respekt*. I 2007 har museet prøvd ut eit par skuleprosjekt.

*Minda – piken på apoteket* er Trøndelag folke-museums Brudd-prosjekt – eit haldningsskapande undervisningsopplegg om seksuelle overgrep, tilrettelagt for 9. klassetrinn. Prosjektet skal ha premiere våren 2008.

I 2005 laga Bymuseet i Bergen og Falstadsenteret utstillinga *Slemme gutter – Skolehjemmenes tidlige historie*. Utstillinga dreier seg om den tidlege historia til Ulvsnesøy skolehjem og spesialskole og Falstad skolehjem og spesialskole. Vandretstillinga, som først blei vist i Bergen, er noko omarbeidd og blir no vist på Falstad under tittelen *Sin egen lykkes smed*. Bakgrunnen for denne utstillinga var at



Miss Benguela og Miss Huila. Foto: Miss Landmine 2007



Falstadsenteret ønskte å formidle heile historia om bygningen på Falstad, noko som vekke enorm harme og heftige protestar frå dei som meinte Falstadsenteret berre skulle fokusere på krigshistoria omkring denne staden.

Brudd held fram i 2008.

### **Museumsformidling**

Museumsformidlingsstudiet vart oppretta i 2006 som eit deltidsstudium for museumspedagogar, lærarar og andre som jobbar aktivt med formidling. Studiet er eit samarbeid mellom Høgskulen i Oslo og ABM-utvikling, og målet er å styrkje og systematisere kvaliteten på museumsformidlinga. Studiet er på 60 studiepoeng og blir gjennomført på deltid over to år. Det er delt i fire emne: Museum og samfunn, Utstillingar – utvikling og utforming, Målgrupper og Museumsformidlaren.

Studiet kvalifiserer til formidlingsarbeid i ulike typar museum, frå naturvitskapelege, etnografiske og historiske museum til kunstmuseum, samlingar av forskjellige slag, kulturinstitusjonar, galleri og liknande. Gjennom studiet skal studenten tileigne seg kunnskapar om og kvalifikasjonar innretta mot å planleggje, leggje til rette og gjennomføre formidlingsoppgåver til ulike målgrupper i ulike typar museum med vekt på samlingane sin eigenart og aktuelle utfordringar.

Ved utgangen av 2007 var det 25 aktive studentar på studiet, med ulik yrkeserfaring frå blant anna museum, skule og bibliotek. Til saman har to kull, om lag 60 personar, teke studiet i løpet av fire år.

### **Sekretariatet for utvikling av Vitensenter**

Kunnskapsdepartementet (KD) gav i 2003 Forskingsrådet i oppdrag å utvikle regionale vitensenter. Oppgåva skulle gjennomførast i samarbeid med ABM-utvikling, og omfatta i starten 6 regionale vitensenter (Bergen, Oslo, Gjøvik, Sandnes/Jæren, Trondheim og Tromsø). Arbeidet blei organisert som eit program, og status etter første programperiode (2003–06) vart evaluert i 2006. Basert på evalueringa og programstyret si tilråding vedtok KD å vidareføre programmet i ein ny periode 2007–09. Samtidig blei programmet utvida til 7 vitensenter ved at Grenland kom med. Saman skal dei regionale sentra danne eit heilskapleg nasjonalt tilbod.

Midlane frå KD til utvikling av regionale vitensenter blir forvalta av Forskingsrådet ved Vitensenterstyret (styret har løyvingfullmakt). Vitensenterstyret er oppnemnt av Forskingsrådet i samarbeid med ABM-utvikling. Programmet hadde i 2007 eit budsjett på 16 Mkr. Både Forskingsrådet og ABM-utvikling bidreg med administrative ressursar til programmet.

### **Mangfaldsåret 2008**

Regjeringa har vedteke at 2008 skal vere eit markeringsår for kulturelt mangfald. Mangfaldsåret 2008 skal markere starten på ei utvikling der stimulering av kulturelt mangfald blir eit markant og gjennomgåande trekk ved norsk kulturpolitikk.

ABM-utvikling har hatt fleire konkrete tiltak i 2007.

Seminaret «Biblioteka si rolle i mangfaldsåret og integreringsarbeid» i juni samla 75 deltakarar.



Haustkonferansen «Norsk kultur eller kultur i Norge? Mangfoldsåret 2008» gjekk av stabelen i Oslo 12. november med 170 deltakarar.

ABMs temanummer om mangfald blei utgitt i samband med haustkonferansen.

I utlysingsteksten for prosjektmidlar for 2008, blei det eksplisitt bedt om søknader i tråd med intensjonane for mangfaldsåret.

Hausten 2007 starta eit samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling, Glomdalsmuseet, Taternes Landsforening og Landsorganisasjonen for Romani-folket om utvikling av ei vandretstilling basert på *Latjo drom* – Glomdalsmuseet si faste utstilling om Romanifolkets/taterane sin kultur og historie.

I desember 2007 blei *Nasjonalt samisk museumsnettverk* formelt etablert. Sametinget har overordna ansvar for nettverket, medan Nordvestsamisk museumssiida er nettverkskoordinator. *Nasjonalt museumsnettverk for minoriteter og mangfold* blei etablert i 2006. Oslo museum / Interkulturelt museum er koordinator for dette nettverket.

### **Kulturminneåret 2009**

ABM-utvikling er medlem av den nasjonale arbeidsgruppa for Kulturminneåret 2009, saman med Norges kulturvernforbund, Riksantikvaren, Kommunenes sentralforbund og Norges museumsforbund. Arbeidsgruppa har ansvaret for å utvikle og gjennomføre strategi for Kulturminneåret, følge opp tiltak og koordinere den offentlege og den frivillige innsatsen på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

### **Austersjø-samarbeidet**

ABM-utvikling er medlem av styringsgruppa for Austersjø-samarbeidet, eit samarbeid innanfor kulturvern etablert av kulturministrane i 1997. I 2007 var vi medarrangør av ein konferanse om kulturvern og reiseliv i Vilnius, Litauen.

### **Kulturarv og forskning – KAFF**

Globalisering og migrasjon, ressurspress og klimaendringar gjer at kulturfeltet stadig blir stilt overfor nye krav. ABM-utvikling, Norsk kulturråd og Riksantikvaren har innleidd eit samarbeid om kunnskapsutvikling, forskning og formidling gjennom prosjektet Kulturarv i fortid, samtid og framtid (KAFF). Bakgrunnen for samarbeidet er at dei tre organisasjonane har mange felles utfordringar og ei felles oppleving av at politikken på dei tre områda må vere kunnskapsbasert. Det er behov for meir forskning om kulturarv i samfunnet som er i stadig endring.

Samarbeidet skal gi grunnlag for debatt og verke til ei fornying av praksis innanfor heile kulturvernet. Institusjonane som samarbeider, har sams interesser og behov for kunnskap innanfor temaområdet. Dei ulike ansvarsområda til institusjonane verkar óg til at dei har ulike innfallsvinklar i dette arbeidet.

Det er semje om at kulturvern og kulturarv har mykje å seie for samfunnet. Ei god forvaltning og politikktutvikling innanfor feltet er avhengig av relevant forskning og formidling som viser kor viktig kulturarv er i fortid, samtid og i framtid.

I 2007 blei det arrangert ein verkstad og ein konferanse innanfor Kaff-prosjektet. Verkstaden tok føre seg ulike forståingar av kva kulturarven har å

seie for samfunnet. Det var 28 deltakarar på verk-  
staden. Konferansen «Samfunn i endring – kultur-  
arvens betydning» vart halden på Lillehammer  
30.-31. oktober 2007. Konferansen tok mellom anna  
opp globalisering og migrasjon og korleis klima-  
endringane verkar på kulturarvfeltet.

### **Forskingdagane**

ABM-utvikling har i fleire år gitt midlar til folke-  
bibliotek til arrangement under Forskingdagane,  
og fann midlar til det også i 2007. 25 bibliotek  
sende inn søknader for til saman kr 515 650. ABM-  
utvikling hadde sett av kr 150 000 til tiltak, og for-  
delte pengane slik at alle søkjarane fekk. Årets tema  
var det internasjonale polaråret, og dei fleste hadde  
arrangement med dette som tema.

### **Læringsdagane**

Formålet med Læringsdagane er å vise kva som finst  
av tilbod om læring for vaksne i Noreg. Lærings-  
dagane blir koordinerte av Vaksenopplæringsfor-  
bundet i samarbeid med ei referansegruppe som  
er sett saman av ei rekkje aktørar. Ein av desse  
aktørane er ABM-utvikling, som har til oppgåve å  
informere og initiere aktivitet i eige miljø. Lærings-  
dagane 2007 blei arrangerte i september.

### **Grundtvig-programmet**

I 2007 blei EUs utdanningsprogram Sokrates og  
Leonardo da Vinci erstatta av det nye programmet  
for livslang læring (LLP). Noreg deltek i LLP gjen-  
nom EØS-avtalen.

Programmet inneheld fem underprogram. Det

eine av desse er Grundtvig-programmet for vaksne  
si læring. ABM-utvikling blei i 2007 invitert til å  
delta i det norske programutvalet for Grundtvig.  
Utvalet skal arbeide for å sikre best mogleg norsk  
deltaking i programmet, bidra til spreiding av infor-  
masjon og resultat og gi råd og tilrådingar til den  
norske programoperatøren, Senter for internasjon-  
alisering av høgre utdanning (SIU).

### **Universell utforming**

ABM-utvikling arbeider for å betre framkomst-  
tilhøva for alle i vår sektor. Dette skjer gjennom  
støtte og gjennomføring av konferansar, nettverks-  
bygging og arbeid for universell utforming av IKT. I  
2007 blei det gjennomført fleire aktivitetar.

- Deltaking i leiargruppe for Nordisk tilgjengeleg-  
heitsnettverk for museum.
- Deltaking på ACCUs avslutningskonferanse  
i Athen 14.-15. juni 2007. ACCU = Access to  
Cultural Heritage, a joint European venture,  
2004-2007.
- Nettverk for universell utforming (tilgjengeleg-  
heitsnettverk i abm-sektoren), støtta av ABM-  
utvikling, heldt tilgjengelegheitsseminar på Vettle  
i Asker 8.-9. november 2007.
- Høyringsssvar til Arbeids- og inkluderingsdeparte-  
mentet om forslag om innføring av tidsfristar for  
krav om universell utforming av IKT i ny diskri-  
minerings- og tilgjengelegheitslov.

### **Den kulturelle skulesekken**

Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken har det  
daglege ansvaret for arbeidet med Den kulturelle



skulesekken på sentralt nivå. Sekretariatet arbeider vesentleg med forvaltningsoppgåver knytte til spelemidlane; informasjonsarbeid til forskjellige miljø, deriblant utstrekkt foredragsverksemd og nettbasert informasjon; arrangering av nettverksmøte og referansegruppemøte og anna nettverksarbeid og møteverksemd.

#### SEKRETARIAT, STYRINGSGRUPPE, REFERANSEGRUPPE

Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken har hatt to tilsette i 2007: sekretariatsleiar (Astrid Holen) og rådgivar (Marianne Larsen). Sekretariatet har jamlege møte med embetsverket i KKD, og har også halde Utdanningsdirektoratet og KD informert undervegs.

I styringsgruppa sat statssekretær Randi Øverland i KKD og statssekretær Lisbet Rugtvedt i KD. Styringsgruppa har hatt fem møte i 2007.

Referansegruppa har også i 2007 vore leidd av Merethe Frøyland, ABM-utvikling fram til 1. august, og Geir Grav, Åndalsnes ungdomsskule, fram til nyttår. Funksjonstida for referansegruppa gjekk ut 31.12.07. Referansegruppa har hatt eitt møte i 2007.

#### STORTINGSMELDING OM VIDAREFØRING

Stortingsmelding nr. 8 (2007-2008) «Kulturell skulesekk i framtida» blei lagd fram av regjeringa 30. november 2007. Sekretariatet har vore sterkt involvert i arbeidet med meldinga. Meldinga er no til behandling i Stortinget.

#### NORDISK NETTVERK OG SAMARBEID

Sekretariatet tok, saman med Børnekulturens Netværk i Danmark, initiativ til eit nordisk nettverk

for statlege aktørar som arbeider innanfor feltet kunst, kultur og skule. Det første nettverksmøtet blei halde i København i januar, og det møtte 23 personar frå så å seie alle dei nordiske landa. Nettverket blei einige om å møtast ein gong i året, og neste møte er på Færøyane i februar.

Det har vore ein aukande etterspørsel frå utlandet, særleg dei nordiske landa, om å få vite meir om Den kulturelle skulesekken. Så vidt vi veit, har ingen andre land ein tilsvarande modell som dekkjer alle grunnskuleelevar med alle kunst- og kulturuttrykk. Sekretariatet har saman og kvar for seg delteke på fleire konferansar og seminar, der den norske modellen er blitt presentert.

Sekretariatet møtte den svenske kulturministeren og skuleministeren i Noregs ambassade i Stockholm i mai for å presentere Den kulturelle skulesekken. I september lanserte den svenske regjeringa «En skapande skola», etter modell av Den kulturelle skulesekken.

Etter inspirasjon frå Den kulturelle skulesekken har også Færøyane initiert «Listaleyipurin» (Kunstsekken) frå 2008.



## NYSTEMT

Sekretariatet har halde fram samarbeidet sitt med Festspela i Bergen om Nystemt 2007. Samarbeidet inneber at Festspela er visingsarena for gode produksjonar i Den kulturelle skulesekken, og at det i tilknytning til visingane blir arrangert eit fagseminar. Direktør i Rikskonsertane, Åse Kleveland, opna Nystemt, og tilbakemeldingane frå deltakarar peiker på at Nystemt er ein god arena for å møte kollegaer og bli fagleg oppdatert. Nystemt hadde til saman 86 deltakarar.

## NETTVERK OG SAMARBEID

Det blei arrangert to nettverksmøte for kontaktpersonane i fylkeskommunane, eitt i tilknytning til Amandus-festivalen på Lillehammer i mars, og eitt i tilknytning til scenekunstseminaret Showbox i Oslo i november. Ved begge møta var også Riksforum invitert.

Riksforum, som inneheld dei sentrale institusjonane som får tildelt spelemidlar i Den kulturelle skulesekken, har jamlege møte der også sekretariatet er til stades.

Sekretariatet har vore medarrangør av fleire seminar og konferansar, mellom anna *Kyrkja i Den kulturelle skulesekken* saman med Kristiansund Kirke Kunst Kultur i september, *Kunstens kraft og muligheter i skolen*, saman med Nasjonalmuseet og Norsk-Finsk Kulturfond i oktober, og *Skolens rolle og kunst- og kulturtilbudene i Den kulturelle skulesekken* saman med Fellesrådet for kunstfaga i skulen og Utdanningsakademiet i november.

Sekretariatsleiar sit i prosjektforum for Wergeland 2008, eit rådgivande fagorgan for Wergeland-jubileet i 2008.

## ØKONOMI OG RAPPORTERING

Spelemiddeloverskotet til Den kulturelle skulesekken var i 2007 på 167 millionar kroner. 6 millionar av desse er avsett til forsøk i vidaregåande skular, og 161 millionar kroner går til grunnskulen: 80 prosent av midlane går til regionale tiltak (122 millionar til fylkeskommunane – av desse går minst 1/3 vidare til kommunane, og 6 millionar til seks vitensentra over heile landet) og dei resterande 20 prosent til sentrale tiltak innanfor musikk, scenekunst, visuell kunst og film.

Spelemidlane blir tildelte pr. skuleår, og rapportane følgjer også skuleåret. Vi har motteke rapportar frå alle som har fått spelemidlar i 2006/07. Alle fylka bruker midlane etter føresetnadene.

For rapporteringa for 2006/2007 blei det utarbeidd eit nytt webbasert skjema. Dette bidrog til ei forenkling av rapporteringa for fylkeskommunen og gav sekretariatet meir konkret informasjon om omfanget av Den kulturelle skulesekken og bruken av spelemidlar.

Rapporteringa viser at fylkeskommunane i skuleåret 2006–2007 formidla om lag 1110 ulike produksjonar fordelt på kunst- og kulturuttrykka film, litteratur, kulturarv, visuell kunst, scenekunst og musikk eller kombinasjonar av desse aktivitetane. Ifølgje rapporteringa stod fylkeskommunane for 28 354 enkeltarrangement. Det var nær 8000 enkeltarrangement innanfor visuell kunst og meir enn 7000 innanfor musikk.

Dei innrapporterte tala viser at dekningsgraden av Den kulturelle skulesekken er nær 100 prosent, det vil seie at bortimot alle elevane i grunnopp-



Tromsø bibliotek og byarkiv. Foto: Siv Dolmen



Tromsø bibliotek og byarkiv. Foto: Siv Dolmen

læringa har moteke tilbod frå fylkeskommunane. Til saman har om lag 2,6 mill. elevar delteke i fylkeskommunane sine tilbod i 2006. Med 640 000 elevar i grunnskulen inneber det at kvar elev i gjennomsnitt har fått om lag 4 tilbod frå fylkeskommunen. I tillegg til dette kjem tilboda kommunane har stått for.

Fire kommunar (Bergen, Bodø, Karmøy og Lørenskog ) har fått innvilga ei ordning som vil seie at dei får tildelt heile sin del av spelemidlane.

Vitensentra har brukt midlane frå Den kulturelle skulesekken slik det er tenkt. Dei seks vitensentra har fått krav om å gi tilbod til alle elevane i sin region, slik at sentra til saman dekkjer heile landet.

Dei fleste av dei nasjonale institusjonane som får sentrale DKS-midlar, har ein landsdekkjande funksjon, og samarbeider med regionale og lokale DKS-aktørar. Norsk scenekunstbruk, Rikskonsertane og

Nasjonalmuseet har etablert formalisert samarbeid med fylkeskommunar og kommunar. Desse institusjonane har ikkje søkbare prosjektmidlar, men bidreg eksempelvis til å kvalitetssikre, produsere og/eller turnere innhald i DKS. Desse institusjonane bidreg også til nettverksbygging og kompetanseheving innanfor sine område. Norsk Filminstituttts samarbeid med fylka er mindre formalisert, og meir prosjektretta. Filminstituttet har søkbare prosjektmidlar, og har i tillegg ei viktig rolle for kompetanseutvikling og nettverksbygging innanfor filmfeltet.

For dei regionale kunstmusea synest det å vere ei utfordring å få til regionale tilbod som når utover eige fylke/eigen kommune. Tilskotet til institusjonane fungerer i ein viss grad som ei ekstratildeling til det fylket eller den kommunen der institusjonen er lokalisert.



# Utvikling av digitalt innhald og digitale tenester

**Mål** Arkiv, bibliotek og museum skal gi innbyggjarane enkel tilgang til viktig materiale i digitalisert form og levere gode digitale tenester.

## **Eit meir samordna digitalt abm-landskap**

Museum, arkiv og til dels bibliotek har til no i stor grad hatt digitale katalogar og digitale data lagra i små, lokale basar. Dette har bremsa utviklinga og gjort det vanskeleg å utvikle nye og gode tenester på Internett. ABM-utvikling ynskjer å endre dette. Sektorane treng meir moderne og meir robust teknologisk infrastruktur. Løysinga er å utvikle sterke og sikre fellesløysingar slik at kvar institusjon får lett tilgang til profesjonelle tenester og kan konsentrere tid og ressursar om innhald og tenesteproduksjon.

I 2007 ytte difor ABM-utvikling sterk økonomisk støtte til fleire slike tiltak. Arkivsektoren fekk midlar til å utvikle ei sentral databaseløysing basert på arkivsystemet Asta. Denne skal avløyse mange lokale basar og opne for direkte formidling av nytt materiale på Internett. Museumsektoren fekk midlar til å utvikle sentrale løysingar for gjenstandar, foto og kunst i musea, basert på museumsløysinga

Primus. Her óg vil vegen til tenester på Internett vere svært kort. Biblioteksektoren fekk midlar til å utvikle felles søkjetenester for biblioteka.

Alle desse tiltaka er óg naudsynte skal vi kunne satse sterkare på digitalisering og dermed digitalt innhald i åra som kjem. I fleire europeiske land går utviklinga snøgt i retning av meir samla abm-tenester på nettet. I botnen ligg ei sterk tru på at dette gagnar brukarane. Denne infrastrukturen heng og nøye saman med utviklinga av søkjetenester på tvers av desse fellesløysingane, ABM-søk.

## **PILOT FOR ABM-SØK**

I ABM-skriftet «Kulturarven til alle» utgitt hausten 2006 blei det foreslått ei lang rekkje tiltak. Eit viktig tiltak var å sjå på utsiktene for å etablere eit tverrsektorielt ABM-søk. Arbeidet med dette starta opp ultimo 2006. Gjennom 2007 har det blitt spesifisert funksjonelle/tekniske krav, leverandør har blitt



vald, og systemet implementert som ein PILOT for eit ABM-søk, med ca. 100 kjelder (websider og databasar) som er gjorde tilgjengelege via eit enkelt brukargrensesnitt.

Formålet med pilotprosjektet er å sjå på vilkåra for ei full implementering og å evaluere tekniske, rettsmessige og funksjonelle utfordringar. Vidare vil ein måtte sjå behov og økonomi knytt til om det er formålstenleg å etablere eit slikt ABM-søk. Evalueringa av piloten vil vere avslutta våren 2008, med ei innstilling om og korleis eit fullskala prosjekt eventuelt skal gjennomførast.

#### **EDLNET**

ABM-utvikling deltek i EDLnet som er eit «network of excellence» knytt til EDL-European Digital Library. Prosjektet har som hovudmålsetjing å tilgjengeleggjere kulturarven i alle europeiske land over språk og landegrensar. Nettverket/prosjektet er støtta av EU gjennom *eContent-plus*-programmet, og starta opp i september 2007. ABM-utvikling har vore representert på tre møte i tilknytning til prosjektet i 2007.

#### **Kulturnett.no**

Norske digitale kulturressursar skal synleggjerast og nyttast slik at dei gir kunnskap og oppleving til alle. Kulturnett.no skal bidra til å realisere nasjonale kulturpolitiske målsetjingar på dette området.

Kulturnett.no er Kultur- og kyrkjedepartementet si store satsing for å vise kultur i Noreg på Internett. Kulturnett.no er organisert med ein sentral redaksjon lokalisert i ABM-utvikling, regionale

kulturnett i dei fleste av fylka i landet, og eit nettverk av faglege samarbeidspartnarar som saman skal gjere kultur og kulturopplevingar lett tilgjengelege på nettet. Verdigrunnlaget for kulturnett.no ligg i informasjons- og løysingsdeling, og er kulturfeltet sitt bidrag til kunnskapsallmenningen.

#### **PUBLIKUM ER HOVUDFOKUS**

Kulturnett.no har i 2007 hatt fokus på meir kulturelt innhald og fleire kultur-opplevingar på nett. Dette blir gjort gjennom eit omfattande samarbeid med regionale og faglege partnarar. Kulturinstitusjonar får eit tilbod om ein verktøypakke til bruk i den digitale formidlinga. Via dette tilbodet aukar produksjon og bruk av nettformidlinga.

#### **REGIONALE KULTURNETT**

Kulturnett BTV (Buskerud, Telemark og Vestfold) blei lansert i mars 2007. Dei tre fylka samarbeider om eit felles kulturnett, og har organisert seg med ein redaksjon i kvart fylke som samarbeider på tvers av fylkesgrensene. Med denne etableringa har vi fått 11 regionale kulturnett, med dekning i totalt 14 fylke. Av dei fylka som er att, vil Finnmark og Rogaland lansere sine nettstader i 2008, og Oppland skal inn i Hedmark si løysing. Kulturnett Akershus har relansert sin nettstad i løpet av året.

#### **NYE FAGLEGE PARTNARAR**

Danse- og Teater-sentrum og Norgesfilm har delt sine data med kulturnett.no. Det inneber at dekningsgraden på både film, danse- og teaterfeltet har auka mykje i 2007.

### KULTUR PÅ NETT 2007

Kultur på nett-konferansen blei arrangert i Trondheim for fjerde år på rad. Målet med konferansen i år var å inspirere til meir formidling av kulturressursar på nett. Konferansen er eit samarbeid mellom Kulturnett.no og Kulturnett Trøndelag.

**WORKSHOP** Kulturnett.no/ABM-utvikling inviterte institusjonar som mottok støtte til formidlingsprosjekt, til ein workshop for å lære metodar for nettformidling. Dramaturgi, forteljarkunst og opplæring i eit enkelt verktøy inngjekk i kurspakken. Kurset blei halde 12.–13. april 2007.

### LÆRINGSRESSURSAR I KULTURNETTA

Kulturnett.no har initiert eit samarbeid med skulenett.no. Saman med satsingar som kjeldenett.no er målet å styrkje kulturen si rolle på den formelle læringsarenaen.

### KULTURKALENDEREN

I 2007 blei det innleidd samarbeid med fleire nasjonale leverandørar av arrangementsinformasjon. Dette har ført til stor auke i talet på arrangement i systemet, og i mengde har kalenderen no den største samlinga av kulturarrangement i Noreg. Denne tenesta blir ei av hovudsatsingane i 2008.

### LITTERATURFORMIDLING

Kulturnett.no samarbeider med Norsk forfattarsentrum om Månadens forfattar, og utvida i 2007 dette samarbeidet til å presentere bokdebutantar, i form av litterære tekster skrivne for kulturnett.no.

### ENGELSK VERSJON

Kulturnett.no lanserte ein engelsk versjon av nettstaden. Kulturnett Sogn og Fjordane har i samarbeid med kulturnett.no laga ei persisk omsetjing for bruk i sine tenester.

### BESØKSTAL

Kulturnett.no opplever ein liten, men jamn auke i besøkstala. Det blei registrert eit snitt på cirka 6000 brukarsesjonar per dag på serverar som køyrrer kulturnettet.

### Undersøking om universelt utforma nettsider i abm-sektoren

Undersøkinga om kor tilgjengelege nettsidene i abm-sektoren er for folk med spesielle behov, slik som blinde, svaksynte, dyslektikarar og hørselshemma, blei gjord første halvår 2007. Prosjektet var gjennomført med støtte frå Miljøverndepartementet, som ein lekk i Regjeringa sin handlingsplan for å auke tilgang for personar med nedsett funksjonsevne. Undersøkinga blei delt i inn i to fasar: ein kvantitativ test der 163 nettstader blei testa, og ein djupare test av 25 nettstader. Firmaet MediaLT nytta eit poengsystem med relevans til abm-sektoren. MediaLTs testmedarbeidarar er sjølv blinde eller sterkt svaksynte. På topp låg UBO Bibliotek for medisin og helsefag, Rikshospitalet med beste resultat. Av dei ti beste var det ni bibliotek og eitt museum. Felles for desse ti nettstadene er at det er lite ekstra som skal til for å få topp bedømming

ABM-utvikling vil arbeide vidare med dette grunnlagsmaterialet, og gi ut ein rapport på grunnlag av testrapporten i 2008.



## **Minnehåndtering, metode for digital langtidslagring i kommunal sektor**

Eit nasjonalt samarbeidsprosjekt mellom kommunale arkivinstusjonar (eArkivsamarbeidet) for bevaring av elektronisk arkivmateriale blei avslutta med ein rapport i 2007 (ABM-skrift # 43).

God arkivforvaltning i stat og kommune er avgjerande for dokumentasjon av vedtak og verksemd i forvaltninga. I tillegg er arkivdokumenta viktige som kjelder til kunnskap om kultur- og samfunnsutvikling. Kommunal sektor arbeider med å skipe nye depottenester som kan løyse dei ulike oppgåvene med langtidslagring av og brukartilgang til elektroniske arkiv. Det er difor naudsynt å utvikle metodar, arbeidsprosessar og publikumstenester for dette arbeidet. Prosjektet peiker på konsekvensar av at tradisjonelle strategiar for bevaring av papirarkiv blir brukte på elektroniske arkiv utan at ein har utgreidd konsekvensane av ei slik tilnærming. Metoden som blir presentert i rapporten, er todelt. Den første delen er ein presentasjon av dei grunnleggjande organisatoriske og juridiske føresetnadene for arbeidet til kommunale depotinstusjonar med digitalt lagra arkivinformasjon. Det blir også føreslått ein teoretisk referansemodell for metodeforklaringa. Formålet med dette er å stille opp funksjonsområde og gi ei teoretisk ramme for kva digital arkivinformasjon er. Den andre delen er ein omtale av dei ulike oppgåvene som blir tilrådd gjennomførde under dei ulike funksjonsområda for ei slik depotteneste. Metodeforklaringa inneheld ei oppsummering som skisserer utfordringane i feltet vidare.

Prosjektet har vore organisert under Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP) med økonomisk stønad frå ABM-utvikling.

## **Norsk digitalt bibliotek**

Programmet Norsk digitalt bibliotek skal støtte, initiere og koordinere tiltak og prosjekt innanfor området digitalt innhald og digitale tenester i bibliotek. ABM-utvikling har arbeidd med programmet sidan 2003.

I 2007 har hovudfokus vore eigainitiering og støtte til initiativ og prosjekt som

- Undersøker og testar ut korleis brukaren kan involverast for å gjere dei digitale tenestene i biblioteka betre ved å ta i bruk sosiale teknologiar
- Gjer forskingsmateriale og annan vitskapleg produksjon fritt tilgjengeleg for alle
- Sørgjer for utvikling av søkje- og referanseverktøy for enklare tilgang, formidling og synleggjering av dokument frå biblioteka

### **DEI VIKTIGASTE PROSJEKTA I PROGRAMMET NORSK DIGITALT BIBLIOTEK VAR I 2007:**

*Tilgjengeleggjering av forskning og vitskapleg produksjon:*

Av eksterne prosjekt som blir følgde opp, kan NORA – Nasjonal søkjeteneste for vitskapleg informasjon i opne institusjonelle arkiv nemnast. Formålet er at vitskapleg produksjon skal publiserast, gjerast fritt tilgjengeleg i arkiva ved universiteta og høgskulane og dermed tilgjengelege for alle via søkjetenesta NORA. NORA er eit samarbeid mellom universitetsbiblioteka og mange av høgskulebiblioteka.

Tenesta fekk støtte frå Kunnskapsdepartementet til vidare drift ut over 2007. ([www.ub.uio.no/nora](http://www.ub.uio.no/nora)).

### *Utvikling av søkje- og referanseverktøy for betre formidling, tilgang og synleggjering*

Kravspesifikasjon for standard for emneportalar blei ferdigstilt i 2007, og verktøyet er under utvikling. Det skal bidra til at bibliotek og andre aktørar samarbeider endå betre om oppbygging av innhald i lenkjesamlingar. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom Deichmanske bibliotek og ABM-utvikling.

Søk i Norgesbiblioteket vil gjere det enklare for brukaren å få tilgang til digitalt og fysisk materiale i biblioteka ved at han får éi søkjeteneste å innrette seg etter. Forprosjektet for Søk i Norgesbiblioteket blei gjennomført i 2007. Det blei sett tekniske, organisatoriske og økonomiske rammer for prosjektet i denne fasen. Prosjektet er eit samarbeid mellom Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling.

Biblioteksvar, Ønskebok og Skrivebua inngår i satsingane i Norsk digitalt bibliotek.

### **BIBLIOTEKSVAR**

Biblioteksvar er ei digital referanseneste der ein kan kome i kontakt med ein bibliotekar gjennom chat, SMS eller e-post. Målgruppe for tenesta er alle, men blir mykje brukt av studentar og skuleelevar. Tenesta er basert på innsats frå eit samhandlande nettverk av bibliotek.

Prosjektet Biblioteksvar utgjør ein hjørnestein i arbeidet med å realisere Norgesbiblioteket på nett. Tenesta er nasjonal både med omsyn til formål, målgrupper, organisering og deltaking og skal også fungere som ein pilot i utviklinga av samarbeidsfor-

mer på tvers av forvaltningsnivå og sektorgrenser og uavhengig av geografisk tilhørsle. Det er inngått avtale med Deichmanske bibliotek i Oslo om vidare utvikling og drift av tenesta.

I 2007 har Biblioteksvar lagt vekt på rekruttering av nye deltakarbibliotek, kvalitetssikring og langsiktig vidareutvikling av tenesta.

### **ØNSKEBOK**

Ønskebok.no er ein heilt ny måte å finne bøker på. I staden for å leite gjennom alfabetet i krimhylla for å finne eit omslag som ser freistande ut, kan lesaren til dømes ønske seg ei mørk og brutal bok som samtidig er full av overraskingar. På denne måten kan lesarane leite opp bøker dei berre drøymde om. Ønskebok.no er lett å bruke, det går fort og er morosamt. Bøkene er lenkja til bibliotekdatabasar over heile landet. Så når du finn drøymebooka di, er det enkelt å låne henne samtidig. Ønskebok.no er fyrst og fremst retta mot unge lesarar. Prosjektet blei lansert av kulturminister Trond Giske 26. september 2007, med ca. 200 innbedne gjester i Oslo. Det var stor mediemerksemd, mellom anna på TV2-nyheitene og på Frokost-TV. Etter lanseringa har Ønskebok hatt ca. 2000 unike brukarar i veka.

### **SKRIVEBUA**

Skrivebua er ein nettstad der barn og unge i alderen 10–20 år frå heile landet legg ut eigne tekster. Det blei starta i 1997. Formålet er å gi barn og unge eit ikkje-kommersielt tilbod på nettet og å oppmuntre til skriveglede. Tenesta blei støtta av Norsk digitalt bibliotek i 2007.

## Biblioteklaboratoriet

Biblioteklaboratoriet er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen i Oslo og ABM-utvikling. Formålet med prosjektet er å skape eit nettverk som samlar og fremjar gode løysingar som utnyttar data i biblioteka på nye og betre måtar. Dette skal resultere i nye eller betre tenester for publikum. Det er i løpet av 2007 etablert ein nettstad, [www.biblioteklaboratoriet.no](http://www.biblioteklaboratoriet.no), med eit «laboratorie» for uttesting av bibliotek 2.0-funksjonalitet. I tillegg arrangerte biblioteklaboratoriet ei workshop i Bergen der tema som har tilknytning til «bibliotek 2.0», blei diskuterte. I 2008 vil biblioteklaboratoriet vere involvert i eit større prosjekt som blir leidd av Deichmanske bibliotek. Her vil ein prøve å kople data frå ulike kjelder, og presentere desse data for brukaren på ein ny og betre måte enn tidlegare (mashup). Prosjektet blir leidd av Høgskulen i Oslo, og prosjektperioden blir vidareført i 2008.

## Litteratursiden.no

Litteratursiden.no skal bli ein framtidig nasjonal nettstad for litteratur og litteraturformidling. Nettstaden skal stimulere til leselyst og leseglede for vaksne litteraturinteresserte. Samlingar og litteraturressursar i folkebiblioteka skal synleggjerast på nett, slik at brukarane får eit allsidig og aktuelt litteraturtilbod av høg kvalitet. Litteratursiden.no skal vere ein del av Norgesbiblioteket på nett og inngår i program for litteraturformidling og Norsk digitalt bibliotek, slik det er omtalt i Bibliotekreform 2014.

Hausten 2007 utarbeidde ei prosjektgruppe initiativ av ABM-utvikling og samansett av representan-



**Kulturminister Trond Giske prøver ut Ønskebok på lanseringa.**  
Foto: Jan Seland

tar frå Sandefjord bibliotek, Østfold fylkesbibliotek og Bergen Offentlige bibliotek og ABM-utvikling, eit forslag til prosjektplan for oppretting av Litteratursiden.no.

Formålet var å foreslå løysingar for korleis folkebiblioteka kan samarbeide om litteraturformidling på nett. I dag er litteraturformidling via nettsidene til biblioteka av ulik kvalitet og ganske fragmentert. Litteratursiden.no vil vere ressursparande for biblioteka og synleggjere eit breitt spekter av litteraturressursane ved biblioteka og formidlingskompetansen hos bibliotekarane. I mandatet ligg også at kulturfondbøkene skal formidlast. Innhaldet og tenestene ved nettstaden, funksjonaliteten og marknadsføringsstrategien er vurdert med vekt på kva forventingar brukarane kan ha til ein slik litterær nettstad. Det er tenkt framtidretta i samsvar med nye formidlingsmåtar, sosiale teknologiar, interaktivitet og brukarmedverknad, men også i forhold til gjenbruk av allereie eksisterande litteraturformidling som finst på nettsidene til biblioteka.

Våren 2008 skal prosjektet lysast ut som eit

5-årig prosjekt med støtte frå ABM-utvikling. Ønsker et at eitt eller fleire folkebibliotek vil samarbeide om prosjektet.

### **Konsortieavtalar**

ABM-utvikling har som sin visjon «Kunnskap og opplevingar for alle». Konkretisert til praktisk handling tyder dette mellom anna at vi ønskjer å hjelpe og støtte norske utdanningsinstitusjonar, forskingsinstitutt og fag- og folkebibliotek i spranget frå kunnskapsressursar i form av papir til kunnskapskjelder i elektronisk format. Desse skal vere tilgjengelege på den enkelte sin arbeidsplass, studiestad og bibliotek. Kunnskap er framleis den viktigaste byggjesteinen i arbeidet for å vidareutvikle Noreg som ein demokratisk velferdsstat, og tilgang på oppdatert vitenskapleg informasjon vil bli stadig viktigare for eit samfunn, prega av globalisering, teknologisk innovasjon og ei stadig sterkare satsing på utdanning.

I dette biletet tyder konsortium i regi av ABM-utvikling at ABM-utvikling, på vegner av offentleg finansierte institusjonar, inngår lisensavtalar med leverandør eller forlag for tilgang til digitale referanse- og fulltekstdatabasar. Det er ingen i utgangspunktet «automatiske» deltakarar i nokon av avtalane. Kvar enkelt institusjon vel sjølv om han ønskjer å delta i ein gitt avtale. Dette skjer etter at ein har forhandla med dei kommersielle utgivarane, og har blitt einige om vilkår og prisar. Det er vidare ein føresetnad at prisen på den respektive lisensavtalen *skal vere rimelegare*, og dei verdiaukande tenestene *skal vere mer gunstige* enn det den enkelte institusjonen på eiga hand ville greie å forhandle fram.

### **NØKKELTAL 2007:**

ABM-utvikling tok hand om konsortieavtalar i 2007 for i overkant av 72 millionar kroner.

Status for 2007 viser at ABM-utvikling har ansvar for 31 konsortieavtalar med til saman 278 deltakarar unike frå ulike norske institusjonar.

Talet på besøk på nettsidene våre frå 1. mai 2007 var 14 661.

### **Styrking av musea sitt arbeid med digitalisering**

ABM-utvikling har brukt 3 millionar på å styrkje dei norske musea sitt arbeid med digitalisering.

Museumssektoren i Noreg er på mange vis i ein pilotfase når det gjeld arbeid med digitalisering og digital formidling av samlingane sine. Museumsstatistikken for 2006 syner at om lag ein tredjedel av samlingane er dokumenterte digitalt. Samstundes er det berre nokre få prosent av denne tredjedelen som er tilgjengeleg på nett. Desse tala er i ferd med å betre seg dramatisk, og det er difor ei viktig tid for strategisk bruk av økonomisk støtte til digitalisering.

ABM-utvikling støtta i 2007 særleg to fagmiljø som arbeider med utvikling av programvare og tilgjengeleggjering av digitalt materiale: KulturIT og Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. Tre millionar blei fordelte på fire prosjekt:

PrimusWEB – 750.000

PrimusNett – 200.000

PrimusKunst – 1.000.000

Norsk kunstnarleksikon – 1.050.000

Primus er det dominerande programmet for digital dokumentasjon av kulturhistorisk museums-




Foto: Bjørn Djupvik

materiale. PrimusWEB er eit verktøy for å tilgjengeleggjere og søkje i samlingar registrerte i Primus. PrimusNett er eit verktøy som lar museum i ein region samle dei digitale samlingane i fellesløyningar, mellom anna for å gi høve til felles regionale søk. PrimusKunst er eit prosjekt for å la dei store kunstmusea, mellom anna Nasjonalmuseet, leggje samlingane sine inn i Primus, gjennom ei konvertering av programmet Imago, som ikkje lenger blir utvikla. Det er og ein klar samanheng mellom desse

prosjekta. Gjennom kombinasjonen av PrimusNett og PrimusWEB kan ein tilgjengeleggjere og søkje i ulike regionale fellesbasar. Utviklinga av PrimusKunst legg og grunnlaget for gode søk i og formidling av norske kunstsamlingar. Det same er tilfellet for Norsk kunstnarleksikon, som blir digitalisert og gjort tilgjengeleg og søkbart på nett. Dette referanseverket er eit særleg høveleg verktøy for digital formidling i kunstmusea.

# Utvikling og sikring av samlingar, og tilgang til dei

**Mål** Abm-institusjonane si samlingsforvaltning skal vere basert på høg fagleg kvalitet og langsiktig planlegging. Samlingsforvaltning omfattar både innkjøp, innsamling og mottak av avlevert/deponert materiale, bevaring og sikring, dokumentasjon og omtale, tilrettelegging og felles ressursutnytting.

## Arkivkartlegginga

Kartleggingsprosjektet om bevarings- og formidlingssituasjonen for lokalt og regionalt kjeldemateriale (arkivkartlegginga) er forankra i St. meld. Nr. 22 (1999 – 2000). Her tek Kultur- og kyrkjedepartementet til orde for å kartleggje kva som finst av lokalhistoriske og andre kulturvernbaserte aktivitetar i norske lokalsamfunn. Siktemålet med kartlegginga var å få fram ein situasjonsrapport om vern og formidling av privatarxiv og tradisjonsmateriale av regionalt og lokalt opphav. Departementet ønskte ein slik situasjonsrapport for blant anna å kunne vurdere resultat, og som bakgrunn til å kunne etablere den statlege støtteordninga for privatarxiv som blei meldt i stortingsmeldinga.

Arkivkartlegginga var eit samarbeid mellom ABM-utvikling og fylkeskommunane. Arbeidet tok

til våren 2003 med utarbeiding av prosjektplanar. Våren 2004 starta registreringa i pilotfylka Møre og Romsdal, Hordaland og Aust Agder. Frå 2005 blei kartleggingsprosjektet ført vidare til dei andre fylka. Det har vore fleire støttegrupper knytta til prosjektet, som og har hatt med ei fast referansegruppe i arbeidet.

Etter kontakt med over 1700 potensielle bevaringsinstitusjonar, stod prosjektet att med 822 institusjonar som leverte data til kartlegginga. Sommaren 2007 vart resultata rapporterte til departementet, mellom anna i form av ABM-skrift #40: *Til kildene!*. Hausten 2007 vart resultata og oppgåvene som rapporten peikar på, lagde fram og drøfta på eit seminar med brei representasjon frå arkivsektoren. Kartleggingsbasen skal nyttast til mellom anna å få fram data om foto, teikningar og lydopptak i arkiv.



Kulturhistorisk museum, Oslo. Foto: Siv Dolmen.

I 2008 skal data frå fylka først attende til fylkeskommunane, slik at basen kan kome til nytte i regionalt plan- og utviklingsarbeid.

#### PRIVATARKIVA

I undersøkinga er det kartlagt om lag 75 000 hyllemeter privatarkiv. Ein kan likevel rekne med at det samla talet er høgare. Det er underrapportering av det materialet som er mest uordna og uoversikleg.

Det har og vore avlevering av arkiv til institusjonane etter at kartlegginga blei avslutta. Av det samla privatarkivmaterialet er det dei spesialiserte arkivinstitusjonane som tek hand om nær 60 % av arkiva. Musea har om lag 30 %. Resten fordeler seg på bibliotek, med Nasjonalbiblioteket som den viktigaste, historielag, kommunar (utan arkivinstitusjon) og andre.

Kartlegginga har vist at bevarte og tilgjengelege arkiv i for liten grad er representativ samfunns-

NORSKE  
ARBEIDERPARTI

Norska —  
Norske arbeiderparti X



dokumentasjon for alle sektorar. Det er skeiv fordeling mellom institusjonane når det gjeld kva som er teke vare på. Mange av arkiva det er teke vare på, er ikkje fullstendige. Det avleverte arkivet dreier seg mange gonger om fragment av ein heilskap, av og til berre «prøvar» av kva type dokument arkivet har vore samansett av. Undersøkinga har på denne måten vist at det er få privatarkiv som kan gi ein fullstendig dokumentasjon av den verksemda som har skapt arkivet. Det kjem og fram i rapporten at einskilde samfunnssektorar er dårleg representerte når det gjeld privatarkiv. Det finst til dømes få privatarkiv innanfor forlag og presse. Reiarlag, fiske og oppdrettsnæring er heller ikkje godt dokumentert.

Privatarkivarbeidet manglar plan og støtteordningar. Arbeidet med bedriftsarkiva har særlege vanskar, og mest alvorleg er det at det er gjort lite med arkiva etter større bedrifter som, i tillegg til å vere sentrale i den nasjonale historia, ofte har vore kraftsentra for etablering av byar og lokalsamfunn.

Sjølve oppbevaringa av privatarkiv er framleis eit problemområde. Kartlegginga viste at mange institusjonar tek vare på arkiv eller delar av arkiv med stor verdi, utan at institusjonen kan garantere god og sikker lagring. Kartlegginga avdekkjer alvorlege feil og manglar i den fysiske sikringa, og det finst eksempel på arkiv som har gått tapt etter avlevering til arkivinstitusjon. Det er ei utfordring for blant anna ABM-utvikling å følgje opp dette.

### **Privatarkiv i musea**

Arkivkartlegginga har vist at norske museum oppbevarer meir enn 30.000 hyllemeter privatarkiv.

Størsteparten av dette materialet er uordna og utilgjengeleg for bruk. Mange av musea manglar tilfredstillande magasin for oppbevaring av materialet. Hovudårsaka til denne situasjonen er openbert at musea har mangla faglege og økonomiske ressursar til å ta seg av arkiva på ein forsvarleg måte.

Museumskonsolideringa har lagt eit godt grunnlag for at denne situasjonen kan endrast. På den eine sida kan etableringa av større endringar frigjere ressursar som i nokon grad kan rettast inn mot privatarkivarbeidet. På den andre sida kan etableringa av regionale fellesmagasin gi arkiva gode oppbevaringsforhold. Samtidig vil eit framtidig fokus på samlingsforvaltning kunne leggje grunnlag for eit meir systematisk arbeid med privatarkiv i musea.

Eit pilotprosjekt er i gang i fire fylke, Nordland, Sør-Trøndelag, Hordaland og Østfold. Dei starta opp i januar 2007 med ei tidsramme på eitt år. Hovudmålet med prosjektet er å bidra til at privatarkiv i konsoliderte museum skal vere godt lagra, ordna og tilgjengelege for bruk.

Regionalt skal prosjektet gjennomførast av dei fylkesvise koordineringsinstitusjonane i samarbeid med prosjektleiinga. På grunnlag av data frå arkivkartlegginga i sine fylke skal institusjonane skaffe seg oversikt over privatarkivmengda i musea og i samråd med fylkeskommunen og musea leggje ein detaljert plan for gjennomføringa av prosjektet. Planen skal omfatte desse tiltaka: Opplegg for samarbeid med musea om arbeidsdeling og samhandling i privatarkivarbeidet, kurs for museumstilsette i behandling av arkiv og opplegg for feltarbeid eller arkivfaglege rettleiingstenester for musea.

## **Tilstandsvurdering i musea**

ABM-utvikling arbeider med ei landsomfattande tilstandsvurdering av samlinger i museum. Undersøkinga blir gjennomført i samarbeid med fylkeskommunane og institusjonane. Målet med arbeidet er kunne gi informasjon om status og behov for registrering, sikring og bevaring både på lokalt, regionalt og nasjonalt plan. Hovudvurderingane på nasjonalt nivå vil bli presenterte i ein avsluttande rapport. I løpet av 2007 er det gjennomført undersøkingar i Hedmark, Møre og Romsdal, Nordland, Rogaland, Oslo og Sør-Trøndelag. Feltarbeidet er dermed ferdigstilt for heile landet, og rapportering til dei siste fylka, og sluttrapport vil bli ferdigstilt i løpet av første halvdel av 2008.

## **Retningslinjer for samlingsplanar i musea**

Ein viktig del av ABM-utviklings arbeid overfor musea er å bidra til ei betre og meir konsistent samlingsforvaltning. Forvaltninga av samlingane er ein kjerneaktivitet for musea, og dei andre sidene ved verksemda til musea kviler på samlingane. Det gjer også kvaliteten på aktivitetane ved musea. God formidling og god kunnskapsutvikling har også sitt grunnlag i god samlingsforvaltning. Innanfor samlingsforvaltning arbeider ABM-utvikling med kompetanseheving, rettleiing, dokumentasjonsstandardar og prosjektstøtte.

ABM-utvikling arrangerte i april 2007 eit to-dagars seminar i Sandvika over temaet «Kva gjer vi

med samlingane?». Innlegga på seminaret konsentrerte seg om samlingsplanar, avhending og elektronisk samlingsforvaltning. Desse områda er sentrale utfordringar for musea – korleis planlegg ein ei samling; korleis går ein fram ved avhending; korleis bruker ein digitale verktøy til å forvalte og formidle?

Hausten 2007 blei eit forslag til Standard for katalogisering av kulturhistoriske gjenstandar sendt ut på høyring til alle konsoliderte museum, i tillegg til andre relevante instansar. Den endelege høyringsfristen blei sett til 10. oktober. Det kom både positive fråsegner og konstruktivt kritiske innspel til forslaget, og blant anna på bakgrunn av desse innspela vil ein endeleg standard bli ferdigstilt våren 2008. Eit parallelt arbeid har pågått med ein Standard for katalogisering av kulturhistorisk fotografi, og desse to standardane skal sjåast i samanheng.

ABM-utvikling har hatt eit tett samarbeid med Museenes datatjeneste (MDT), særleg i prosessen med samanslåinga med Museenes ITDrift til selskapet KulturIT. KulturIT er eit ansvarleg selskap som er eigd av Norsk Folkemuseum og Maihaugen, og som mellom anna har ansvaret for drift og utvikling av Primus. KulturIT har også eit styre med representantar for ulike delar av museumssektoren. ABM-utvikling har, blant anna gjennom økonomisk støtte, følgt opp arbeidet med viktige prosjekt som PrimusKunst og PrimusWeb.



**Kulturhistorisk museum,  
Oslo. Foto: Siv Dolmen.**

# Samhandling og nytenking innanfor organisasjons- og nettverksbygging

**Mål** Abm-institusjonane skal ha god tilgang på fagkompetanse og andre viktige ressursar, både gjennom eigen organisasjon og gjennom faglege nettverk.

## Høyring – Bibliotekreform 2014

ABM-utvikling overleverte Bibliotekreform 2014 til Kultur- og kyrkjedepartementet i september 2006. I januar 2007 blei utgreiinga send på ei brei høyring, med frist 1. mai. Alle fråsegnene blei lagde ut på KKD's heimesider. Kultur- og kyrkjedepartementet bad ABM-utvikling arbeide ut ei oppsummering av høyringsfråsegnene.


I høyringsbrevet blei det spesielt bede om fråsegner knytte til forslaga om ei endra biblioteklov, eit norsk digitalt bibliotek og konsolidering innanfor folkebiblioteksektoren, i tillegg til hovudstrategiane og dei enkelte tiltaka.

Hovudbodskapen i høyringsfråsegnene er at biblioteka treng eit lyft, og at *Bibliotekreform 2014* gir eit heilt spesielt høve til å gjennomføre dette lyftet. Det kjem til uttrykk eit breitt ønske om ei stortingsmelding om bibliotekpolitikken, og det blir venta ei oppfølging gjennom nasjonale, regionale og lokale midlar.

Det kom inn 249 fråsegner. Nokre av høyringsinstansane hadde gått saman om å sende ei fråsegn. Det kom inn fråsegner frå vel 180 kommunar (eller 42 prosent av alle kommunane). Av desse hadde vel to tredjedelar vore gjennom ei politisk behandling. Nesten alle fylkeskommunane sende inn høyrings-



Kulturhistorisk museum, Oslo. Foto: Siv Dolmen.



Tromsø bibliotek og byarkiv. Foto: Siv Dolmen

fråsegn, og dei fleste av dei var politisk behandla. Totalt 17 av institusjonane i universitets- og høgskulesektoren uttalte seg. Det kom og fråsegner frå ei rekke institusjonar og organisasjonar på bibliotekområdet eller på område som biblioteka samarbeider med.

ABM-utviklings oppsummering av høyringsfråsegnene blei gitt ut som ABM-skrift #42 og send til biblioteka og dei andre instansane som sende inn høyringssvar.

Fråsegnene viste at *Bibliotekreform 2014* utløyste gode bibliotekdiskusjonar både lokalt og regionalt.

### **Strukturell forankring av bibliotektilbod til alle**

Det finst mange som ikkje greier eller orkar å lese sjølv tilrettelagde tekster. Det kan skuldast at synet eller konsentrasjonen sviktar eller at ein har kognitive vanskar, for eksempel demens eller utviklingshemming. For at desse menneska også skal få eit litteraturtilbod, kan bibliotek med bok til alle tilby leseombod som kan lese høgt for dei. I prosjektet Leser søker bok er det bygd opp ei slik leseombodsordning. Med støtte frå ABM-utvikling er ein no i ferd med å gjere dette landsdekkjande gjennom etablering av fylkeskoordinatorar i samarbeid med fylkesbiblioteka.

### **Kompetanseutvikling i bibliotek**

Utgreinga *Bibliotekreform 2014* foreslo å etablere eit program for kompetanseutvikling i bibliotek. Rett i etterkant av høyringsrunden på *Bibliotekreform 2014* arrangerte ABM-utvikling eit møte med sentrale aktørar for å drøfte og hente inn synspunkt på eit mogleg program for kompetanseutvikling.

Som følge av møtet er det sett i gang arbeid med å utforme eit rammedokument for kompetanseutvikling i bibliotek med sikte på ferdigstilling i 2008.

### **Program for skulebibliotekutvikling**

*Bibliotekreform 2014* foreslo å etablere eit program for skulebibliotekutvikling. Utdanningsdirektoratet fekk i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å greie ut eit slikt program i nært samarbeid med ABM-utvikling. Dei to institusjonane etablerte hausten 2007 ei samarbeidsgruppe med dette formålet.

### **Brukaråtferd i bibliotek**

Ei undersøking om brukaråtferd i storbybibliotek blei gjennomført i oktober/november 2007. Undersøkinga omfatta hovudbiblioteka i Bergen, Kristiansand, Oslo, Stavanger og Trondheim. Rapport blir ferdigstilt tidleg i 2008.

### **Namdalsbiblioteka**

Hovudmålet for Namdalsbiblioteka er å utvikle betre bibliotektenester i Namdals-kommunane gjennom interkommunalt samarbeid og betre ressursutnytting til beste for brukarane. I nært samarbeid med ABM-utvikling, Nord-Trøndelag fylkeskommune og regionområda er det etablert eit eige prosjekt for utvikling av interkommunalt samarbeid i regionen. Det er utarbeidd ein felles bibliotekplan for regionen, og det er tilsett regionale bibliotekkoordinatorar med ansvar for mellom anna utvikling av betre tenester og kompetanseutvikling. Prosjektet er støtta av Program for storbyretta forskning. Det blir avslutta sommaren 2008.



Kulturhistorisk museum, Oslo. Foto: Siv Dolmen.

### **Sambibliotek i Drammen**

I 2007 blei prosjektet *Sambibliotek Drammen* til *Drammensbiblioteket*. Prosjektet er eit sektorovergripande samarbeid mellom Fylkesbiblioteket i Buskerud, Biblioteket ved Høgskulen i Buskerud, avdeling Drammen og Drammen bibliotek. Det har blitt støtta av ABM-utvikling i tre år, 2005, 2006 og 2007. Drammensbiblioteket står no fram som eit einskapleg bibliotek for publikum og gir eit likeverdig tilbod til alle brukargrupper. Samstundes er dette eit fyrtårnprosjekt som har vakt betydeleg interesse som samarbeidsmodell, både innanfor og utanfor Noregs grenser.

### **Dialogmøte med bibliotekleiarar**

Hausten 2007 inviterte ABM-utvikling til to større dialogmøte. Det eine møtet involverte fylkesbiblioteksjefane, leiarane av deira vertsbibliotek og leiarane av biblioteka i dei største kommunane. Det andre dialogmøtet var med leiarane av universitets- og høgskulebiblioteka. Formålet med møta var dels å informere bibliotekleiarane om pågåande aktivitetar i ABM-utvikling av spesiell interesse, dels å drøfte spørsmål som biblioteka sjølve ønskte å ta opp. ABM-utvikling vil vurdere å innføre dialogmøta som ei fast ordning.

### **Museumsreforma**

Museumsreforma tek utgangspunkt i *St.meld. nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving*, med ei grundig oppdatering i *St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014*. Målet med reforma er å etablere sterkare fagmiljø som vil styrkje musea



som aktive og aktuelle arenaer for kunnskap og oppleving. Dei fleste av musea har vore gjennom djuptgripande endringar i perioden, stimulert av auka statlege tilskot på ca. 175 mill. kroner i permanente driftsmidlar i perioden 2002–2007.

ABM-utvikling har etablert omfattande kontaktar med andre forvaltningsnivå og med museumsmiljøa. Som tidlegare har ABM-utvikling gjennomført ein møteserie i alle fylka, der museumsreforma har vore tema i dialogen med musea, fylkeskommunen og fleire kommunar. I tillegg kjem ei rekkje enkeltmøte om konkrete utfordringar undervegs i reformarbeidet. Dette, saman med skriftlege innspel frå fylkeskommunane om reformen og budsjettsøknader frå musea, utgjer bakteppet for det innspelet ABM-utvikling gav til KKD i juni som ledd i førebuinga til statsbudsjettet for 2008.

I den innleiande fasen av reforma blei vekta lagd på grunnleggjande signal, med sikte på å få sett i gang prosessar over heile landet. ABM-utvikling har i 2007 lagt meir vekt på museumsfagleg innhald i dei årlege dialogmøta, med fokus på musea si rolle som samfunnsaktør og premissleverandør. Vi møter her ein stadig betre respons, ikkje minst merkar vi at mange nye museumsstyre er opptekne av desse tema.

ABM-utvikling arrangerte i juni eit møte med alle dei nettverksansvarlege musea. Nettverka begynner no å hauste breiare erfaringar, med ei sterkare vektlegging av tydelege mål og konkret prosjektarbeid. ABM-utvikling har i løpet av 2007 inngått nye nettverksavtalar, og samla er det no i gang 22 museumsnettverk på ulike område:

### **Nettverk**

*Arbeidarkultur*

*Bergkunst*

*Bergverk*

*Bygg*

*Fiskeri- og kystkultur*

*Herregardar*

*Handverk*

*Kulturlandskap*

*Kunst*

*Kvinnehistorie*

*Landbruk*

*Litteratur*

*Luftfartshistorie*

*Magasin og bevaring*

*Medisinsk historie*

*Minoritetar og*

*kulturelt mangfald*

*Musikk og instrument*

*Samisk kultur*

*Samtid*

*Sjøfart*

*Skog*

*Teknologi-*

*og industrihistorie*

### **Hovudansvarleg museum**

Norsk Industriarbeidermuseum

Verdensarvsenteret for bergkunst – Alta Museum

Norsk Bergverksmuseum

Ryfylkemuseet

Museum Vest

Fredrikstad museum

Maihaugen

De Heibergske Samlinger – Sogn folkemuseum

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design

Kvinnemuseet

Norsk landbruksmuseum

Nynorsk kultursentrum

Norsk Luftfartsmuseum

Trøndelag Folkemuseum

Norsk Teknisk Museum

Oslo Museum

Ringve Museum

RiddoDuottarMuseat

Maihaugen

Norsk Sjøfartsmuseum

Norsk Skogmuseum

Norsk Teknisk Museum

I tillegg er det etablert abm-nettverk innanfor universell utforming (Fetsund Lenser) og foto (Preus museum).



## Musea i 2025. Ulike scenarium

ABM-utvikling tok hausten 2006 kontakt med ECON for gjennomføring av ein scenarieprosess. Initiativet var ei erkjenning av at museumssektoren, etter ei reform med mykje fokus på økonomi, omstrukturering, organisasjonsutvikling og jus, treng ein vitalisert diskusjon om innhaldet i musea og relasjon til morgondagens publikum.

Metodikken er like enkel som han er utfordrande: Drivkrefter i samfunnet, både nasjonalt og internasjonalt, blir rista saman med museum, kunnskap og oppleving, og ut kjem ulike framtidsbilete. Desse skal ikkje framstå som ønsketenkning eller sannsynlege utrekningar, men dei skal derimot innehalde moglege tidsbilete som står i eit interessant forhold til kvarandre, for best mogleg å gi grunnlag for strategiar. Scenarieprosessen resulterte i publikasjonen *Museene i 2025. Ulike scenarier* (ABM-skrift #38). Publikasjon og innhald har vore brukt aktivt i ABM-utvikling sine møteseriar i fylka. Scenaria blei følgde opp med ein eigen sesjon på landsmøtet til Noregs museumsforbund i Loen i september, der ECON presenterte innhaldet for om lag 90 deltakarar. Fleire museum har meldt om bruk av scenarierapporten som ledd i bevisstgjerings- og strategiarbeid i egne institusjonar.

## Nasjonalt abm-nettverk for fotografi

I september 2007 hadde Nasjonalt abm-nettverk for fotografi sitt første møte på Preus museum. Nettverket er ei formalisering av det tidlegare uformelle fotobevaringsnettverket som har eksistert i mange år, samansett av hovudsakleg nasjonale og regionale

ansvarsinstitusjonar for fotobevaring men og andre abm-institusjonar med vesentleg kompetanse og verksemd innanfor kulturhistorisk fotografi.

Preus museum viste tidleg interesse for å ta over rolla som nettverksansvarleg etter ABM-utvikling. Etableringa av nettverket er ein del av ein heilskapleg plan om å organisere fotofeltet tydelegare, og leggje oppgåvene der vi trur dei blir best forvalta. Ambisjonen er at det som tidlegare bar preg av eit fagleg-sosialt diskusjonsforum, også kan bli ein viktig samarbeidsarena, premissleverandør, kompetanseutviklar og innhaldsprodusent, med engasjement og eigeninnsats frå deltakarane som fundament. Ein nettstad der mellom anna kompetansekartlegging, erfaringsbank og artikkelpublisering er viktige komponentar, er ein av ambisjonane med nettverket, i tillegg til to årlege samlingar som før. ABM-utvikling vil framleis følgje arbeidet med nettverket tett, sjølv om Preus museum tek over koordinatorrolla.

## Utvikling av ABM-statistikk

I 2007 har ABM-utvikling halde fram med utviklinga av ABM-statistikk. Nytt i år har vore utvikling av rapporteringsskjema for Den kulturelle skulesekken og gjennomføring av rapportering av planar, strategiar, aktivitetar og resultat med økonomi og rekneskap for skuleåret 2006/2007. Her blei det rapportert kulturaktivitetar for over 200 millionar kr.

ABM-utvikling har halde fram arbeidet med å leggje grunnlag for ein arkivstatistikk. Innrapporteringsskjema for arkivstatistikken er klart til å takast i bruk. Frå 2008 vil ABM-statistikken difor omfatte både arkiv, bibliotek og museum. Opplegget er



drøfta med Statistisk sentralbyrå og Kultur- og kyrkjedepartementet. Arkivstatistikken vil vere eit verkemiddel til å synleggjere aktivitetar, resultat, utfordringar og ressursbehov på arkivområdet.

Det har vore eit behov for å revidere folkebibliotekstatistikken for å kunne gi eit så godt bilete som mogleg av verksemda ved biblioteka, ikkje minst når det gjeld digitale tenester. I 2007 blei arbeidet med revidering av folkebibliotekstatistikken påbegynt. Det blei sett ned ei rådgivande arbeidsgruppe med ressurspersonar frå folke- og fylkesbibliotek og bibliotekorganisasjonar for å hjelpe ABM-utvikling. Ei rekkje endringar for innhenting av 2007- og 2008-statistikk blir gjennomførde som ei følge av arbeidet.

Musea rapporterer statistikk og resultat ein gong i året til ABM-statistikk. Data som blir rapportert blir brukt av Kultur- og kyrkjedepartementet i arbeidet deira med statsbudsjettet. Nøkkeltal blir publiserte i statsbudsjettet. Statistisk sentralbyrå publiserer museumsstatistikk og ABM-utvikling publiserer ABM-statistikk frå dei same data. ABM-utvikling har bidrege til at musea slepp med ei rapportering og at data som blir rapporterte kan gjenbrukast. Dette føreset også samordning av definisjonar og omgrep. I ABM-statistikk har det blitt utvikla skjema for økonomirapportering og budsjettsøknad for museum med fast statleg driftstilskot frå KKD, slik at desse institusjonanes økonomirapportering og budsjettsøknad går gjennom ABM-statistikk til KKD. I denne samanhengen leverer ABM-utvikling også spesialiserte tenester til KKD. Departementet har eige brukarnamn og passord slik at dei sjølv kan hente ut data direkte frå ABM-statistikk via eit web-grensesnitt.

Det har i løpet av året blitt sett i gang eit arbeid med å utvikle ABM-statistikk til også å omfatte aktivitetsrapportering, regnskapsrapportering og budsjettsøknad for kulturinstitusjonar utanfor abm-området. I 2008 vil såleis 155 nasjonale kulturinstitusjonar, som f.eks. teater og opera, bruke ABM-statistikk for si aktivitetsrapportering og budsjettsøknad til KKD. ABM-utvikling er her teknisk leverandør mens det er KKD som sjølv gjer den konkrete jobben med utforming av skjema, i alt 7/8 stk, og er ansvarleg for all kontakt med dei søkjande institusjonane.

ABM-statistikk omfattar i dag såleis ca. 6000 organisasjonseiningar, 23 forskjellige skjema på to eller tre språk, 250 forskjellige registreringsskjemsider og handterer på det mest hektiske ca. 1000 samtidig pålogga brukarar som registrerar statistikk/rapportering eller leverer budsjettsøknad.

### **Leiarutvikling**

ABM-utvikling har tilbod om leiarutviklingsprogram for leiarar innanfor arkiv-, bibliotek- og museumssektoren. Programmet strekkjer seg over to semester. Målet med dette utviklingsprogrammet er å bidra til ansvarsfulle, resultatlystne og endringsdyktige leiarar. Ein tek utgangspunkt i situasjonen og erfaringane til den enkelte leiaren og siktar mot betre forståing for leiaren si rolle og oppgåve, betre innsikt i eiga leiing og hjelp til betre utnytting av eigne ressursar. I tillegg er nettverksbygging eit viktig element der leiarar frå små og store abm-institusjonar møter kvarandre. ABM-utvikling gjennomførde i 2006/2007 eit nytt program for 18 leiarar. Programmet blei avslutta i juni 2007.

# Organisering, administrasjon og leiing

## **Omorganisering**

Ved etableringa av ABM-utvikling var det semje mellom leinga og organisasjonane til dei tilsette om at organiseringa av ABM-utvikling skulle evaluerast etter fire år. Denne evalueringa blei utført av Statskonsult i 2006.

Med utgangspunkt i denne evalueringa blei det hausten 2006 og våren 2007 køyrt ein prosess i tett dialog med dei tilsette om utvikling av ein ny organisasjonsplan. Etter forhandlingar med organisasjonane vedtok styret den endelege organisasjonsplanen i oktober.

Den tredelte leiarskapen for Utviklingsavdelinga blei oppløyst og avdelinga delt i tre: Avdeling for arkivutvikling, bibliotekutvikling og museumsutvikling. Informasjonsavdelinga blei delt i to: Avdeling for digitalt ABM og ei mindre informasjonsavdeling. Administrasjonsavdelinga held fram som tidlegare.

Avdelingsdirektørstillingane blei utlyste, og ny organisasjonsmodell er sett i verk frå 1. januar 2008. I organisasjonsplanen skal det leggjast særleg til rette for å kunne løyse tverrsektorielle utfordringar og bruk av kompetanse på tvers av avdelingsgrenser. Tverrsektorielle arbeidsoppgåver kan leg-

gjast til team eller prosjektgrupper. I organiseringa må det leggjast særleg vekt på handtering av utfordringane på IKT-området.

Styret legg vekt på at ABM-utvikling også i framtida må vere open for nye organisasjonsprosessar etter som behova melder seg.

## **Styret**

Funksjonstida for styret gjekk ut 31.12.2006. I påvente av ei varsla evaluering blei styret oppmoda til å sitje ut 2007, og med unntak av Ingvild Øye svarte styret ja til ei slik forlenging.

Styret har då i 2007 hatt denne samansetjinga: Lisbeth Tangen (styreleiar), Åsulv Frøysnes (nestleiar), Elisabeth Seip, Arne Skivenes, Gunnar Urtegaard, Siv Bente Grongstad (tilsett) og Tone Moseid (tilsett).

Styret har hatt tre møte og eit avsluttande erfaringsseminar i desember.

## **Risikostyring/internkontroll**

Med bistand frå SSØ har ABM-utvikling starta arbeidet med å innføre risikostyring. Vi har teke utgangspunkt i utarbeiding av risiko i forhold til hovudmål, og i samband med utarbeiding av ar-



Kulturhistorisk museum, Oslo. Foto: Siv Dolmen



beidsplanar for 2008 vil det bli arbeidd vidare med risikovurdering i forhold til dei fire prioriterte innsatsområda.

Vi har utarbeidd internt økonomireglement og tilsett ein ny controller i administrasjonsavdelinga som mellom anna skal arbeide med rutinar i samband med økonomiske transaksjonar.

### **Nytt Internett og intranett**

Våren 2007 fekk ABM-utvikling nye nettsider. Nettløysingane bygger på open kjeldekode. Det er og lagt stor vekt på ei så universelt utforma løysing som mogleg slik at nettsidene kan vere tilgjengelege for så mange som mogleg.

#### **OPEN KJELDEKODE**

Open kjeldekode vil seie at programmet som er brukt for å lage nettsidene, kan utviklast vidare av kven som helst, og gjer det enkelt å skifte mellom program og kombinere program frå ulike leverandørar. Dette er i tråd med regjeringa sitt ønske om å få ein marknad med opne program som er så stort at det hindrar monopol. Det internasjonale firmaet Jarn har utvikla publiseringsløysinga for ABM-utvikling.

#### **UNIVERSELL UTFORMING**

Mange har kritisert offentlege nettstader for ikkje å vere godt nok tilrettelagde for folk med funksjonshemmingar. Teknologien som er brukt, har gjort det enklare å lage ein nettstad som tek vare på krava til universell utforming og brukarvenleg funksjon. ABM-utvikling har som mål å jobbe mot sosial, kul-

turell og digital inkludering i samfunnet. Det vil seie at vi må gjere ressursane våre, også dei som ligg på Internett, tilgjengelege for så mange som mogleg. Firmaet Media LT, som testa over 160 nettstader i abm-sektoren for tilgjenge, testa dei nye sidene til ABM-utvikling og var svært godt nøgde med resultatet.

### **Informasjon om europeiske og nordiske program**

Gjennom medlemskapen i EØS kan Noreg delta på linje med EU-land i det kulturelle og vitskapelege samarbeidet i Europa. Vi kan og gjennom delta-kinga i Nordisk Råd og Nordisk Ministerråd få tilgang til finansieringskjelder for kultur-, kunnskaps- og kulturminneprosjekt i Norden.

ABM-utvikling, Norsk kulturråd og Riksantikvaren har inngått eit nært samarbeid om å informere om dei støtteordningane som er mest relevante for våre ansvarsområde.

For å stimulere til sterkare norsk deltaking i EU-prosjekt har ABM-utvikling oppretta ei ordning med forprosjektmidlar.

### **Likestilling**

Per 1. september var det 37 kvinnelege og 24 mannlege tilsette. Det var 20 faste seniorrådgivarar/senioringeniørar, av dei 11 kvinner og 9 menn, og 26 faste rådgivarar; 18 kvinner og 8 menn. Det som skaper lønsskilnader i ABM-utvikling, er i hovudsak skilnader i krav til kompetanse og ansvar i den enkelte stillinga.

Ved kunningering bruker vi statens standardformulering for rekruttering av kvinner og innvandra-



rar. Vi oppmodar likevel ikkje kvinner til å søkje stillingar i område der vi har overvekt av kvinner frå før. Tilsetjing skjer gjennom tilsetjingsråd. Den mest kvalifiserte søkjaren vil få tilbod om stilling.

### **Rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn**

Ifølgje personalpolitisk plan for ABM-utvikling gjeld denne målsetjinga for rekruttering av eige personale: «ABM-utviklings oppgåver tilseier at det er behov for stor breidde i samansetjinga av personalet når det gjeld utdanningsbakgrunn/erfaring, alder, kjønn og etnisk/kulturell bakgrunn.»

Ved kunngjering av ledige stillingar blir denne formuleringa brukt:

«Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle av mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders-, funksjons- og kjønnsamansetjing og å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.»

### **Grøn stat**

ABM-utvikling har innført Grøn stat. Verksemda har gjennomført kartlegging og gjort ei vurdering av miljøpåverknaden vår frå områda energi, transport, avfall og innkjøp i 2007. ABM-utvikling har gode rutinar for handtering av innkjøp av miljømerkte produkt, sortering av avfall, transport og energiforbruk. Det er laga handlingsplan som tek hand om dei nemnde områda. ABM-utvikling har utarbeidd

retningslinjer for innkjøp i verksemda og lagt vekt på mål som er nemnde i *Handlingsplan 2007-2010 Miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser*.

### **Innkjøpsreglement**

Det er utarbeidd nye rutinar og nytt reglement for innkjøp. Formålet med reglementet er å sikre at alle innkjøp i ABM-utvikling skal utførast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og instruksar for offentlege innkjøp. Reglementet omfattar alle innkjøp av varer, tenester (inkl. konsulenttenester), bygg og anlegg og krav til leverandørar av desse tenestene. Reglementet gjeld også leasing- og leigeavtalar.

### **Implementering av etiske retningslinjer for statstenesta**

Dei etiske retningslinjene for statstenesta utgjeven av Moderniseringsdepartementet 7. september 2005, er handsama i eit personalmøte, og alle tilsette har fått utdelt eit eige eksemplar. Etiske spørsmål vert elles drøfta i ymse møte der dette er naturleg som ein del av sakshandsaminga.

### **Målbruk**

ABM-utvikling hadde ein prosentdel på 33,1 nynorsk på nettsidene i 2007. På publikasjonar, for det meste ABM-skrift, var nynorskdelen på 25,1. ABM-magasinet hadde ein nynorskdelen på 43 prosent.



# Kurs og konferansar

## ARRANGERTE AV ABM-UTVIKLING I 2007

### 25.–26. APRIL: Kva gjer vi på samlingane?

#### **Perspektiv på samlingsforvaltning. (Sandvika)**

Med seminaret ville ABM-utvikling løfte fram nokre sentrale perspektiv på museas samlingsforvaltning. Interessa for seminaret var stor, med over 170 deltakarar.

### 3.–4. MAI: Kultur og kunnskapslyftet.

Målet med konferansen var å motivera til utvikling og utveksling av digitale læringsressurar mellom kultursektoren og skuleverket. Ikkje minst vart dette sett i lys av Kunnskapsløftet, læreplanen for grunnskule og vidaregåande opplæring.

ABM-utvikling, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane var arrangørar av konferansen.

### 8. MAI: ... som reint vatn i springen.

ABM-utvikling arrangerte denne konferanse om e-ressursar og konsortieavtalar i Oslo.

### 21.–23. MAI: Kortidsminne – nyare tids materiale

Landskonferansen for fotobevaring tok opp utfordringane med å dokumentere og samle materiale som ber i seg relevante forteljingar fra samtid og

nær fortid. Konferansen vart arrangert i samarbeid med Tromsø museum.

### 23.–25. MAI: Kystkulturseminaret 2007.

Forvaltning av kulturarva i utviklings- og pressområde. I samarbeid med Riksantikvaren, Kystdirektoratet og Fiskeridirektoratet (Kristiansand).


29.–31. MAI: Nystemt 2007. I løpet av Nystemt kunne publikum – barn, ungdom og vaksne – oppleve nokre av dei beste produksjonane i Den kulturelle skolesekken. Arrangert av Festspela i Bergen og sekretariatet for Den kulturelle skulesekken (Bergen).

30.–31. MAI: Barns framtidbibliotek – ikkje berre pensum. Fokus var på framtidens barnebibliotek og litteraturformidling for barn og unge. Arrangert i samarbeid med Oppland fylkesbibliotek (Lillehammer).

### 12. JUNI: Språkstimulering gjennom leseaktivitetar.

Målet med kurset var å gi tilsette i bibliotek og barnehagar eit innblikk i korleis det kan arbeidast med litteratur i barnehage, og å vere ei kjelde til inspirasjon. Kurset blei arrangert i samarbeid med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Sarpsborg).





**13. JUNI: Språkstimulering gjennom leseaktiviteter.** Arrangert i samarbeid med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Hamar).

**14.–15. JUNI: Kontaktmøte** med fylkeskommunane og Sametinget. Tema var m.a. den digitale utfordringa, Mangfaldsåret 2008 og Bibliotekutgreiinga (Skien).

**25. SEPTEMBER: Språkstimulering gjennom leseaktiviteter.** Kurset blei arrangert i samarbeid med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Tønsberg).

**26. SEPTEMBER: Språkstimulering gjennom leseaktiviteter.** Kurset blei arrangert i samarbeid med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Tromsø).

**15.–16. OKTOBER: Bibliotekleiarkonferansen**  
Tema var Noregsbiblioteket. Foredragshaldarar var m.a. Kristin Clemet, Terje Tvedt og Kristin Ørmen Johnsen (Drammen).

**24. OKTOBER: Til kjeldene! Kartlegging av regionale og lokale arkiv**  
På seminaret blei rapporten med same tittel presentert, og nokre av utfordringane som denne synleggjorde blei kommentert og belyst (Oslo).

**25. OKTOBER: Jag trivs bäst i öppna landskap:**  
Konferanse om opne publiseringsarkiv og open access. Målgruppe var dei som arbeider eller skal arbeide med åpne institusjonelle arkiv. Konferansen blei arrangert i samarbeid med NORA (Oslo).

**12. NOVEMBER: Norsk kultur eller kultur i Norge? ABM-konferansen 2007.**  
ABM-konferanses tema var knytt opp til Mangfaldsåret 2007. Satsingar på kulturelt mangfold i arkiv, bibliotek og museum blei presenterte (Oslo).

**22. NOVEMBER: Kultur på nett 2007 – Formidling.**  
Kultur på nett 2007 sette fokus på kunsten å fange publikums interesse i formidlingsarbeidet. Seminaret blei arrangert av Kulturnett.no i samarbeid med Kulturnett Trøndelag (Trondheim).

**5. DESEMBER: Språkstimulering gjennom leseaktiviteter.** Kurset blei arrangert i samarbeid med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Trondheim).

## ABM-skrift

DET BLEI UTGITT SJU ABM-SKRIFT I 2007:

ABM-SKRIFT #37: Barn og unges meninger om



**museum.** Med rapporten ønsker ABM-utvikling å synleggjere behovet for å setje større fokus på dei som kjem til musea våre, for ikkje å snakke om dei som ikkje kjem. Kven er publikum? Kvifor kjem dei, og kvifor kjem dei

ikkje? Kva slags forventingar har dei til musea våre? Og kva tek dei med seg etter eit besøk?

ABM-SKRIFT #38: Museene i 2025. Ulike scenarier.

ABM-utvikling tok kontakt med ECON for å gjennomføre ein scenarieprosess for musea hausten 2006. Dette initiativet er ei stadfesting av at museumssektoren, etter ei reform med mykje fokus på økonomi, omstrukturering, organisasjonsutvikling og jus, treng ein vitalisert diskusjon om innhald i musea og relasjonen til morgondagens publikum.

ABM-SKRIFT #39: Lykketreff. Om dei gode møta

**i Den kulturelle skulesekken.** Den kulturelle skulesekken skal bidra til at elevar i grunnskulen får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. I dette heftet får du møte nokre av dei erfaringane

som er gjorde i løpet av den tida denne satsinga har vore landsomfattande.

ABM-SKRIFT #40: Til kildene! Kartlegging av regionale og lokale arkiver. Målet med denne rapporten er å presentere data om forvaltning og formidling av arkivmateriale og tradisjonsmateriale av lokalt og regionalt opphav. Rapporten skal gi ei oversikt over

- Korleis bevaringsinstitusjonane er organiserte og kva slags rutinar dei har for arbeidet med arkiv
- Kva slags typar arkivmateriale desse institusjonane har
- Kva slags samfunnsfunksjonar og geografiske område materialet dokumenterer
- Bevarings- og formidlingssituasjonen for materialet



ABM-SKRIFT #41: Statistikk for bibliotek og museum 2006 omfattar museum, folke- og fagbibliotek og dessutan bibliotek i vidaregåande skular. Innsamling og vidare tilrettelegging av statistikken har som tidlegare år vore eit samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling, Statistisk sentralbyrå og institusjonane som sender inn statistikk. Ved hjelp av tabellar prøver vi å stille saman eit representativt bilete av

bestand, aktivitet, besøk, årsverk og økonomi i dei institusjonane som har registrert statistikk.

**ABM-SKRIFT #42: Bibliotekreform 2014. Oppsummering av høringsuttalelser.** Utreiinga Bibliotekreform 2014 blei send ut på ei brei høyring i første del av 2007. ABM-utvikling har valt å gi ut ei oppsummering av høyringsfråsegnene. Saman med sjølve utgreiinga dannar denne ei solid plattform for framtidig bibliotekutvikling.

**ABM-SKRIFT #43: Minnehåndtering. Metode for digital langtidslagring i kommunal sektor.** Eit felles, ope og forpliktande rammeverk av funksjonar og oppgåver i kommunane sine depot- og formidlingsinstitusjonar er etterspurt. Dette skriftet



skal bidra til at arkivmateriale i digitale format blir betre sikra i samtid og ettertid og enklare tilgjengeleg for brukarar, uavhengig av korleis dei kommunale arkivinstitusjonane er organiserte. Dette ABM-skriftet er

sluttrapporten frå eit nasjonalt samarbeidsprosjekt mellom kommunale arkivinstitusjonar (eArkivsarbeidet) for bevaring av og brukartilgang til elektronisk arkivmateriale.

## ABM

Det vart gitt ut tre nummer av magasinet ABM i 2007. ABM er gratis og blir sendt ut til alle arkiv, bibliotek og museum i Noreg. I tillegg var det ved utgangen av året 815 private abonnentar. Opplaget i 2007 var på 5000.

### ABM 1/07


Magasinet inneheld mellom anna:

Homofile dyr  
Gjenferdet – Quisling på utstilling på Telemark museum  
Frå mørkerom til photo-shop  
Odda i endring – samansmelting av industri og turisme  
Gode erfaringar med museumsreforma  
På flyttefot – skal vikingskipa til Bjørvika?  
Vil lære folk IKT

### ABM 2/07

Magasinet inneheld mellom anna:  
Vokterne på Lånan – om verdensarven Vega  
Bibliotekpionerane i Vatlandsvågen  
Griegs testamente  
Minelagd misseutstilling






Biblioteksamarbeid i  
Namdalen  
Nytt museumsbygg på  
Alstadhaug

#### ABM 3/07

Temaet var Mangfalds-  
året 2008. Magasinet  
inneheld mellom anna:  
Trond Giske om mang-  
fald i abm-sektoren  
Den kvite abm-sektoren  
Fotoreportasje om  
kvenane  
Oslos multikulturelle  
arkiv  
Taterane/romanifolkets  
lange veg for aksept  
Ein jøde frå Haugesund  
Det mangfaldige Holmlia  
bibliotek



### Elektronisk nyhendebrief

ABM-utvikling gjev ut eit elektronisk nyhendebrief.  
Per 31. desember 2007 var det 752 abonnentar på  
brevet. Det kjem ut om lag ein gong i månaden.

### SPLQ (Scandinavian Public Library Quarterly)

SPLQ er eit engelskspråkleg tidsskrift som presen-  
terer utviklingstrekk, tendensar og strategiar i den  
skandinaviske folkebiblioteksektoren. Hovudmål-  
gruppa er den engelsktalande bibliotekverda, men  
SPLQ er også interessant for alle som vil halde seg  
orienterte om bibliotekutviklinga i Skandinavia.

Tidsskriftet kjem ut fire gonger i året og er eit  
samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling og dei  
statlege folkebibliotekinstitusjonane i Danmark,  
Sverige og Finland, som alle bidreg med represen-  
tantar i redaksjonskomiteen. Hovudredaktørans-  
varet går på rundgang mellom landa. For perio-  
den 2006–2009 er det Undervisningsministeriet i  
Finland som har hovudredaktøransvaret.

## Tildeling av prosjektmidler

Prosjektmidler frå ABM-utvikling for 2007 hadde søknadsfrist 15. oktober 2006. Det kom inn i alt 254 søknader på totalt 64 mill kroner.

Kto.		Rekneskap 2007
<b>KAP. 325 POST 73 PROSJEKT- OG UTVIKLINGSTILTAK</b>		
7311	Fellesprosjekter for heile ABM-sektoren	5 469 955
7314	Prosjekter for arkiv og museum	480 000
7316	Prosjekter for arkivsektoren	2 615 016
7317	Prosjekter for biblioteksektoren	4 639 443
7318	Prosjekter for museumssektoren	9 648 586
7319	Prosjekter kulturnett	2 940 000
Sum prosjektmidler kap. 325, post 73		25 793 000

I tillegg blei det regnskapsført kostnader til ulike prosjekt- og utviklingstiltak i driftsregnskapet post 01 på til sammen 13,762,522 kr.

### OVERSIKT OVER DEI ENKELTE PROSJEKT:

Søklar	Prosjekt	Tildelt i kr
Akershus Fylkesmuseum	Forum for kulturutveksling	80 000
Alta Museum	Forskjeller og likheter mellom nordmenn og samer	35 000
Aust-Agder bibliotek og kulturforum	I kjeledress og oljesøl	70 000
Bergen Museum	Til jordens ender - museumsvandring i Bergen	400 000
Bibsys	Pepia	600 000
Bibsys i samarbeid med Høgskulen i Agder	Bibliotektenester i LMS	400 000
Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernsenter	Utvikling av vitenskapelig dokumentasjonsmetoder	90 000
Bymuseet i Bergen	Internasjonalt symposium for skulemuseer	75 000
Deichmanske bibliotek	Biblioteksvar	1 800 000
Deichmanske bibliotek	Audiovisuell medieformidling og artotek	400 000



Deichmanske bibliotek og Universitetsbiblioteket i Oslo	Emneportalstandard	800 000
Deichmanske bibliotek	Fengselsbibliotek - en kilde til økt livskvalitet	200 000
Den norske forfatterforening i samarbeid med NBF	Målrettet formidling av skjønnlitteratur	122 000
Det norske utvandrersenter	Ungdom og migrasjon /Youth and migration	250 000
Drammen Bibliotek	Sambibliotek Drammen	600 000
Foreningen Les	Idrett og lesing	400 000
Fylkesfotonettverk Rogaland	Fylkesfotonettverk	600 000
Helgeland museum	Krigshistorien på Helgeland	300 000
Helgeland museum	Eldre historie på Helgeland	75 000
Hordaland Fylkesarkiv	Utvikling av metodikk	100 000
Høgskulen i Oslo	Bibliotekformidling teori og praksis	56 000
Høgskulen i Sogn og Fjordane	Bruk av lauv og lauvtrefor i Norge	300 000
IKA Kongsberg	Nettverk for rettighetsdokumentasjon	90 000
IKA Trøndelag	Arkivinformatjon på tvers	260 000
IKM	Lydarven	150 000
IKM/Nettverk	Forprosjekt knyttet til nasjonalt nettverk for minoriteter	105 000
Kristiansand folkebibliotek	Digitale bilder i Vest-Agder	320 000
Kvinnemuseet/ Kvinnehistorisk nettverk	Dokument 100 kvinner	200 000
Landslaget for Lokal og privatarkiv	Minoriteter i offentlige arkiver	500 000
Leser søker bok	Strukturell forankring av bibliotektilbud til alle	400 000
Maihaugen/Håndverksnettverket	Formidling av håndverkskompetanse	75 000
Maihaugen/Håndverksnettet	Husasnotra	60 000
Museum Nord	Fiskeredskaper - klassifikasjon og nasjonal komparasjon	250 000
Museum Vest	Kan krigens skader kompenseres?	97 500
Museumssenteret i Vestfold	FLYT - flytting, logistikk, ytelse, tilgang	500 000
Museumssenteret i Vestfold	LIMA (Logistikk, innlemmelse, avslutning)	75 000
Museumssenteret i Vetsfold	Bevaring av kulturhistoriske fotografi	280 000
Norsk Institutt for Luftforskning	Bedre beskyttelse av malerier - PROPAIN	75 000
Nordland fylkesbibliotek	Skrivebua som delprosjekt i NDB	500 000
Nordmøre museum	Mellemverftet - museum i fredet kulturminne	200 000
Nordnorsk Fartøyvernssenter og Indre Sør-Troms museum	Havets helter, på samisk, norsk og kvensk	120 000



Nord-Troms Museum	Kvenen i arkiv, bibliotek og museum	50 000
Nord-Trøndelag fylkesbibliotek	Namdalsbiblioteka samarbeid for bedre kvalitet	255 000
Norges Museumsforbund	Utstillinger frå ide til utstillingsplan	60 000
Norges Museumsforbund	Levende formidling	70 000
Norsk Barnemuseum	Barn og krig	200 000
Norsk Bergvergmuseum/ Bergverksnettverket	Kulturvern ved..	40 000
Norsk bibliotekforening, region Nord-Norge	Nordnorsk bibliotekkonferanse	8 000
Norsk bibliotekforening, spesialgruppe Flerkult	Mangfoldsåret 2008 og biblioteka	50 000
Norsk Filminstitutt	Revisjon av verneplan	80 000
Norsk lokalhistorisk institutt	Lokalhistorisk nettverk	150 000
Norsk vasskraft og industristadmuseum	ABM i partnerskap	300 000
Oppland fylkesbibliotek	Bibliotekseminar på Litteraturfestivalen på Lillehammer	35 000
Opplandsarkivet, Maihaugen	Arkiv under publikumsdagene på Maihaugen	200 000
Osterøy Museum	Du store verda - du allmektige hår	200 000
Perspektivet Museum	Vi er naboer - men kjenner ikkje hverandre	300 000
Riksarkivet	Evaluering av tørkemetoder	175 000
Ringve Museum/ Musikknettverket	Musikkinstrumentbasen	220 000
Stavanger, Bergen, Deichmanske, Trondheim og Kristiansand Biblioteker	Brukeratferd i bibliotek	250 000
Stiftelsen Asta	Digitalt på forespørsel ASTA	600 000
Stiftelsen Asta	Ferdigstilling av prosjektet Asta	800 000
Stiklestad nasjonale kultursenter	Makt og merke i tusen år. NS-bautaen på Stiklestad	80 000
Sunnhordland Museum	Museum i bruk	75 000
Sølvberget, Stavanger bibliotek og kulturhus	Albert har landet	50 000
Sølvberget, Stavanger bibliotek og kulturhus	Wiki Stavanger- en lokalhistorisk wiki	300 000
Sør- Trøndelag Fylkeskommune	Historisk kilde-kunskapsbase for Trøndelag	500 000
Sør-Trøndelag fylkesbibliotek	Bibliotek for voksne med lese- og skrivevansker	115 000
Tokke kommune	Bibliotek for transportarbeidere	75 000
Trastad samlinger	Beretninger frå før og etter HVPU-reformen	300 000
Troms fylkeskommune	Polarhistorie på nett	475 000
Trøndelag Folkemuseum	Piken på apoteket - Minda-saken	300 000
Trøndelag Folkemuseum	Lek & lær - anlegg - realfag og fysisk aktivitet	100 000

Trøndelag Folkemuseum	Tekstil nomenklatur	150 000
Trøndelag Folkemuseum Nettverket	2 seminarer	40 000
Ullensaker Museum	Sitt! Om disiplinering av dyr	80 000
Universitetsbiblioteket i Oslo	NORA	700 000
Vest-Agder museet	Høstmuseet, eit stikkord, fleire formidlingsarenaer	70 000
Vest-Agder museet	Samlings- og forvaltningsplan	100 000
Vestlandske skulemuseum	Frå fasit til fantasi	50 000

### KULTUR PÅ NETT-SØKNADAR:

Søkar	Prosjekt	Tildelt i kr
Bergen Off. Bibliotek	Kyst og hav - næringsliv og levekår.	100000
Bymuseet i Bergen	Blås i skulen	100000
Den kulturelle skulesekken, Sogn og Fjordane	Møtepunkt himmel og jord	100000
Fredrikstad Museum	Wikifredrikstad	100000
Høgskulen i Vestfold	Tilrettelegging for digitalisering av lærebøker	100000
Larvik bibliotek	Ei8-en kulturhistorisk reise. Delprosjekt: nettstad	100000
Lenvik bibliotek	Eit nasjonalt På skråss-arkiv	100000
Norsk Form	Grensesnitt	100000
Norsk Teknisk Museum	MASKINENE KOMMER! Teknologi, menneske og samfunn	100000
Norsk Telemuseum	Følelser i flyt	40000
Nynorsk kultursentrum	Tunkatten si songbok	100000
Oslo byarkiv (KIE, Oslo kommune)	Folk på vandring!	100000
RKK Vesteråsregionen	Sagn i cyberspace - å lese mellom øyer	100000
Rogaland Kunstmuseum	Den digitale Hertervig	100000
Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	Nettbasert kunnskapsbase om folkemord og minoritet	100000
Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007 - 2011	Forfattarnett Rasmus Løland	100000
Stiftelsen Kulturkvartalet - Jugendstilsenteret	En digital byvandring i jugendstilbyen Ålesund	100000
Stiftelsen Vegaøyan Verdensarv	Verdensarv i unge hender	100000
Várjjat Sámi Musea/Varanger Samiske Museum	Samisk religion og mytologi	100000



**REGIONALE OG FAGLEGE PARTNARAR FOR KULTURNETT.NO:**

Søkar	Prosjekt	Tildelt i kr
Danse- og teatersentrum	Teknisk oppjustering og forbedring av datagrunnlag	150000
Fylkesarkivet i Oppland	Kulturnett Innlandet	350000
Hordaland fylkesbibliotek	Levande om livet - Digitale forteljingar av eldre	100000
Kultur- og idrettsetaten Deichmanske bibliotek	Reaktor som nettsamfunn	500000
Kulturnett i BTV, Vestfold fylkesbibliotek	Kulturnett BTV	350000
Rikskonsertene	Musikkverksted.no	250000
Rogaland fylkeskommune, kulturseksjonen	Kulturnett Rogaland	300000
Trøndelag Kulturnett	Barnas Trøndelag- eit nettstad for barn og unge	100000

**Tildeling til delegerte tiltak 2007**

Kto.

Rekneskap 2007

**KAP. 326 POST 78 YMSE FASTE TILTAK**

7811	Norsk barnebokinstitutt	4 550 000
7812	Punktskrifttrykkeriet i Bergen	4 001 000
7813	Tiltak for døveblinde (Foren. Norges døveblinde)	3 927 000
7814	Videogram for døve	5 275 000
7815	Vestlandske Blindeforbund	243 000
7816	Døves tidsskrift (Norges Døveforbund)	269 000
7822	Finsk bibliotekteneste	325 000
7823	Bibliotekteneste på Svalbard	237 000
7831	Bibl.tj. for innvandrere/flyktninger	6 815 000
7832	Formidl. av spesiallitteratur (Fjernlånssentralen)	1 883 000
7833	Nord-Sør-biblioteket	394 000
7834	Bibliotekjenester i statlige helseinstitusjoner	1 790 000
	Drammen fengsel	332 000
	Ringerike fengsel	623 000
	Tønsberg, Berg fengsel	332 000
	Deichmanske bibl. Fengselstenesten	1 697 000

	Skien fengsel	451 000	
	Tromsø fengsel	332 000	
	Bærum, Ila fengsel	623 400	
	Hå, Åna fengsel	623 000	
	Horten, Bastøy fengsel	508 000	
	Bergen, Bjørgvin fengsel	334 670	
	Bergen fengsel	623 000	
	Akershus, Ullersmo fengsel	623 000	
	Stavanger fengsel	485 000	
	Trondheim fengsel	671 830	
	Kongsvinger fengsel	571 500	
	Bodø fengsel	228 000	
	Nord-Odal, Bruvoll fengsel	311 000	
	Sem fengsel	571 600	
	Kristiansand fengsel	590 000	
7835	Bibliotektenester i fengsel		10 531 000
7841	Reiser og diverse tiltak		506 000
7851	Premiering av barne- og ungdomslitteratur		257 000
7861	Lyd- og videoboktiltak		638 000
7891	Norsk Bibliotekforening		208 000
	Sum kap. 326 post 78		<b>41 849 000</b>

Kto

Rekneskap 2007

### KAP. 328 POST 78 YMSE FASTE TILTAK

7811	Sikringstiltak		6 539 000
7812	Tilskudd til organisasjoner		
	Museumsforb., inkl. Museum of the year aw.		1 174 000
	Museumsnytt		637 000
	Norsk ICOM		198 000

	Kulturvernets fellesorganisasjon KORG	253 000
	Norsk Folkeminnelag	70 000
	Christian Radich	3 815 000
	Statsraad Lehmkuhl	4 348 000
	Sørlandet	3 434 000
	Landslaget for lokalhistorie	294 000
	Den europeiske kulturminnedagen (KORG)	300 000
	Emanuel Vigelands museum	125 000
7816	Årets norske museum	54 000
7817	Reiser, stipend og div.tiltak	701 000
7818	Datateneste for kunst- og kulturhistoriske museer	1 038 000
	Sum kap. 328 post 78	<b>22 980 000</b>

#### KAP. 329 POST 78 YMSE FASTE TILSTAK

7811	Landslaget for lokal- og privatarkiv	194 000
------	--------------------------------------	---------

ISBN 978-82-8105-062-4

**ABM**   
-utvikling  
Statens senter for arkiv, bibliotek og museum